


# Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 2 4



Sykkylven Sogenemnd

Innhald

|                                                                        |         |
|------------------------------------------------------------------------|---------|
| Kjetil Tandstad: Forord                                                | Side 3  |
| Martin Furseth: Ei tragisk hending                                     | Side 4  |
| Geir Tandstad: Song om vennskap                                        | Side 10 |
| Kjetil Tandstad: Norskdomskvinne og landssvikar                        | Side 12 |
| Eldrid Suorza: Ei eldssjel gjennom heile livet                         | Side 17 |
| Helen Seth: Action og gode vener                                       | Side 24 |
| Eldar Høidal: Sykkylvsforfatter mellom aust og vest                    | Side 26 |
| Geir Tandstad: Dialekt og lydar på sotteseng                           | Side 31 |
| Nyss: Biletkavalkaden 2024                                             | Side 34 |
| Erling Ekornes: Med auge for landskap                                  | Side 36 |
| Ole Jostein Fet: Gamle-Hjortedalen og andre slåttemakerar i Velledalen | Side 39 |
| Kjell Ole Løseth: Nord-Norge-foreininga i Sykkylven                    | Side 43 |
| Thor Willy Strømme: Fotografen og musikaren Skjold Lyshol              | Side 46 |
| Eldar Høidal: -Glad i det som spirer og gror                           | Side 53 |
| Ole Jostein Fet: Femti år sidan pionerklassene starta opp              | Side 57 |
| Eldar Høidal: Årsrapport frå Sykkylven sogenemnd 2024                  | Side 60 |
| Roald Solheim: Dikt. Skjorungen på strengen                            | Side 62 |
| Per Flaaen: Dikt. Vaktskifte                                           | Side 64 |

Sogenemnda 2024

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Eldrid Suorza, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Hans Marius Strømmegjerde.

Årbokredaksjonen 2024

Kjetil Tandstad (redaktør), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Eldrid Suorza, Kjell Ole Løseth, Helen Seth og Ole Jostein Fet.

**Årbok for Sykkylven** vil gjerne ha kontakt med fleire som kan skrive og tek imot bidrag gjennom heile året. Årboka vil ikkje berre ha historisk stoff, men også skjønnlitterære bidrag, aktuelle kommentarar, fotografi og biletkunst. Ta kontakt med redaktør Kjetil Tandstad, telefon 902 01 231 eller e-post: kjetil.tandstad@gmail.com eller andre i redaksjonen.

Utgjevar: Sykkylven sogenemnd  
Utforming: Eldar Tandstad  
Prent: Hatlehols AS

ISBN 978-82-92269-35-0  
ISSN 0804-2225

Forside: Jostein Løseth er slåttekar i kulturlandskapet på Løset. (Foto: Elisabeth Kvalø.)

Forord

Tragiske kvinnelagnader

I årets utgåve har vi artiklar om to ulike og tragiske kvinnelagnadar, den eine er Johanne Aurdal, Fjore-Jonna til dagleg. Ho var sjukepleiar som arbeidde i Sykkylven før ho emigrerte til USA. Etter mange år i USA kom ho heim att til Sykkylven frå USA. Ho omkom i ein tragisk brann i Roald Amundsens eigedom på Svartskog i 1938.

Den andre triste lagnaden var Dina Sletten Stave, som vart gift og budde i Sykkylven i 15 år og gjorde ein stor innsats for kulturlivet i Sykkylven og på Sunnmøre. Etter at ho flytta frå Sykkylven til hovudstaden melde ho seg inn i Nasjonal Samling. I 1945 vart ho dømd som landssvikar i rettsoppgjeret. I ettertid har det versert ei rekkje spekulasjonar og sprikande versjonar av historiene til dei to kvinnene i media og på folkemunne. Martin Furseth fatta interesse for begge desse kvinnelagnadene og har gått grundig inn i historiene deira som han kom frampå då han skreiv sine bøker om slektshistoria si.

Årboka kan i år elles by på stoff om spelemenn frå Velledalen, nordlendingar i Sykkylven, sykkylvsdialekten, forfattaren og Japan-kjennaren Ingvill Kjærstein og eldsjela Kjellaug Roald, som ikkje har nei i sin munn når gode ting skal gjerast. Og meir til, legg vi gjerne til.

Vi vonar den tradisjonelle blandinga av nytt og gammalt også i år fell i smak. Ta godt imot skuleborna som snart kjem på døra for å selje årboka. Og kjøp gjerne fleire. Heftet går akkurat ned i ein konvolutt og er ei grei julegåve til utflytta sykkylvingar, anten dei kom seg heim til jul eller ikkje.

Kjetil Tandstad  
redaktør



**Martin Furseth,** fødd 1942 i Sykkylven, men har budd det meste av sitt liv i Ørsta. Han har merkantil utdanning, men var en pioner innan informasjonsteknologi for næringslivet i Ørsta og arbeide seinare som konsulent og IT-utviklar. Han har skrive ei rekkje lokalhistoriske bøker, mellom anna fleire biografier over menneske frå eiga slekt.

Eit fotografi frå 1914 viser folk som arbeider med fisketørking i fjøra nedanfor huset til Lyshol-Martin, ved kyrkja på Aure. Fisken vart vaska i sjøvatn og deretter lagt til tørking i sola. Om kvelden, eller når det vart regn, lødde dei fisken i ein rund stabel og la ein «fiskehatt» på toppen. Om morgonen vart fisken lagt ut att til tørking, og truleg er det nett det dei heldt på med på dette bildet. Midt på bildet åleine står den 15 år gamle Johanne og arbeider ved ein fiskestabel. Ved færingen står Jacobs-Jenny, Pål-Lars og Laura Gjerde. Skomakar Martin Lyshol sit på vegkanten ved huset og Marie Lyshol står lenger nede, med ryggen mot oss. Ved sida av henne står Lovise Vad. Dama på vegen er truleg Rasmus-Johanne (Johanne Lyshol). Eigaren av bildet er Marit Gjerde Winsrygg, og det har tidlegare vore nytta i boka om Lyshol-Martin (2022).

# Ei tragisk hending

Av Martin Furseth



**Midt på bildet ovanfor står ei ung jente aleine og arbeider ved ein fiskestabel. Ho er femten år gamal, på bygda kalla dei henne Fjore-Jonna, men ho var døypt Johanne Marie Tomesine. Foreldra hennar var Rasmus Bastian Tomassen Aurdal (1853-1906) og Olave Petrine Larsdatter (1863-1950) f. Brunstad, dei eigde og brukte garden som vart kalla Fjordegarden, bruk nr. 7 på Aurdal i Sykkylven.**

Johanne Aurdal vart fødd på Aurdal 4.2.1899 og døypt 16.4.1899 i Sykkylven kyrkje på Aure. Ho vart konfirmert 6. juli 1913 og presten gav henne Mg.tf. (meget tilfredsstillende) i karakter. Ho var lita og spinkel, berre 147 cm høg, men ho vaks opp til å bli ei både klok og ressurssterk kvinne. Det er fortalt at ho gjorde ein stor innsats for å hjelpe folk under pandemien som herja i bygda i åra omkring 1920, spanskesjuka. I Sykkylven var det i 1912 skipa eit helselag (Sykkylven Tuberkulose-lag) og ei sjukesyster var blitt tilsett. I 1921 skulle det tilsetjast ei ny sjukesyster, og 20. september gjorde laget ein avtale med Johanne om at ho skulle ta naudsynt utdanning, og deretter fungere som sjukesyster i nokre år. Helselaget tok på seg det økonomiske utlegget for utdanninga. Johanne stod i denne stillinga til 1928.

## Til Amerika

I 1928 hadde Johanne bestemt seg for å reise til Amerika. Det hadde vore stor utvandring frå heimbygda på slutten av 1800-talet, og i byrjinga av 1900-åra. Mellom dei som hadde reist, var nokre av Johanne sine nære slektningar. Faren, Rasmus Tomassen, hadde vore i Amerika, men han kom heim i 1888 og tok over farsgarden, Fjordebruket på Aurdal. Han døydde i 1906, men enkja, Olave Petrine Larsdatter, sat med bruket til sonen Petter tok over i 1936. To av brørne hennar var alt etablerte i Amerika. Lars utvandra i 1923, og han var truleg i Seattle på den tida då Johanne kom dit. Severin utvandra våren 1910, han dreiv med skogsarbeid og fiske og var truleg i Alaska på den tida.

Johanne hadde ei halvsysler, Olivia Petrine Larsdatter (1886 - 1965). Ho var ei dotter som Olave hadde fått før ho vart gift med Rasmus. Faren til Olivia var Lars Johan Magnussen Brunstad (f.1862). Ho brukte til tider både etternamnet Brunstad og Aurdal. Olivia hadde emigrert til Minneapolis i 1903 og var blitt gift i Duluth med Hans Pedersen Røkeberg frå Vestfossen. Han døydde i ei jernbaneulykke i 1910. Ho kom då heim til Noreg i 1911, saman med sonen Melvin, og vart gift i 1913 med bror til Hans, Carl Martinus Pedersen Røkeberg. Han var gardbrukar på Røkeberg, gnr 29 bnr 3 i Vestfossen. Carl Martinus og Olivia Røkeberg er gravlagt på Haug gravlund i Øvre Eiker.

I «Utvandrarane frå Sykkylven» er Johanne omtala i utvandarsoge nr 40. Etter passasjerlistene reiste ho med «Stavangerfjord» som gjekk frå Oslo 22. juni 1928. Ho kom til New York 2. juli 1928, og reisemålet var Tacoma. Ho må ha korrespondert med broren Lars og hadde gjort avtale om å møte han i Seattle. I skipsmanifestet er ho ført opp med yrke sjukesyster (trained nurse). Det er opplyst om henne at ho arbeide ei tid ved det norske sjukehuset i Seattle. Seinare skal ho ei tid ha hatt huspost hos Haakon Beyer Friele og familien hans i Seattle.

## Heim til Noreg

Johanne kom heim til Noreg i 1937 (notis i Nordisk Tidende 7.10.1937). Ho var passasjer om bord på Stavangerfjord, med avreise frå USA 25. september 1937, og truleg gjekk ho på land i Bergen 4. oktober. Med kystbåten kan ho ha kome heim til Sykkylven om lag midt i oktober. Vi kjenner ikkje til kvifor ho kom heim på dette tidspunktet, men ein mogeleg årsak kan ha vore dødsfallet til den yngre systera Ragna, som døydde 19. juni 1937 på Opdøl sykehus. I kyrkjeboka er det ført opp at dødsårsaka var «lungebetendelse». Etter det som hende seinare, kan kanskje Johanne ha hatt ei skuldkjensle fordi ho ikkje rakk å treffe henne, medan ho var i live.



Johanne Aurdal hos fotografen i 1918. Bildet er henta frå FylkesFOTOarkivet, fotograf var Johannes Sponland.

Litt over to månadar seinare reiste Johanne til Oslo, dit ho kom om morgonen tysdag 11. januar 1938. Ho var saman med si syster Nikoline, som då var 39 år. Systera hadde husvære i Oslo, ho budde truleg på denne tida i Hausmannsgate 31 og ho skal ha hatt arbeid som sydamme. Det er uklart om dei to kom reisande i lag, eller om Johanne møtte Nikoline då ho kom til byen. Elles er det særst truleg at Johanne hadde vore i Oslo før, og ho kan ha vore godt kjent i byen; ho hadde òg systera Anna som var gift Rolfsrud og budde i Mjøndalen, og som nemnt var halv-systera Olivia gift Røkeberg og budde i Vestfossen. På grunn av mange, og til dels detaljerte rapportar om henne i avisene, har vi god kjennskap til kva som hende denne tysdagen.

Johanne hadde sett bagasjen sin inn hjå portnaren på Vestbanestasjonen, og det var meininga at dei skulle reise vidare til Vestfossen for å besøke systera Olivia Røkeberg. Hensikta med reisa var at òg ho skulle konsultere ein lege, då ho ei tid hadde vore nedfor og nervøs. Medan dei var på ein kafé i Skogveien, skulle Nikoline utføre nokre ærend, og Johanne vart sitjande aleine. Då Nikoline kom attende, hadde Johanne gått sin veg, utan å gi nokon beskjed. Då tida gjekk og ingen visste kva som hadde hendt med henne, vart ho meld til politiet som sakna.

### Brann på Svartskog

Seinare på dagen, omkring kvart over fire, vart det oppdaga brann på Roald Amundsen sin tidlegare heim, Uranienborg på Svartskog. Det viste seg at det brende i ei sidebygning som vart kalla «Bettys hus» eller Lille-Uranienborg. Brannbilar vart tilkalla, men det synta seg uråd å redde huset og berre ei heldig vindretning gjorde at elden ikkje spreidde seg til hovudhuset.

Då politiet tok seg inn på branntomta, fann dei eit sterkt forbrønt kvinnelik. Det var ferske fotspor i snøen opp til huset og utanfor huset vart det òg funne eit par norske flagg. Litt seinare fann dei på verandaen på eit hus i nærleiken, villa «Rødskog» som var eigd av Gustav Amundsen (bror til Roald), ei dameveske som mellom anna inneheldt fire brev i opne konvoluttar. Det eine brevet var adressert til venner i Sykkylven og var underteikna med «Jonna». Eit anna brev var adressert til Oslo politikammer og det tredje var adressert til Mr. J. Edgar Hoover, New York. Adressa på det fjerde brevet var utydeleg.



«Bettys Hus» eller Lille Uranienborg som blei bygd som bustad for Roald Amundsen si gamle barnepike og vart totalskadd i brannen.



Artikkel i Bergens Arbeiderblad, torsdag 13. januar 1938.



Artikkel i Nordlandsposten, torsdag 13. januar 1938.

Artikkel i Arbeiderbladet, torsdag 13. januar 1938.

## Brannen på Svartskog.

### Den omkomne en sykepleierske fra Sykkylven.

Det viser sig at kvinnen som omkom ved brannen på «Uranienborg», er en sykepleierske fra Sykkylven, Johanne Aurdal.

Hun kom til Oslo tirsdag morgen sammen med sin søster for å søke læge, fordi hun den siste tid har vært svært nervøs. De besørgte noen ærend i byen og satte fra sig bagasjen hos portneren på Vestbanestasjonen. Det var deres hensikt å reise videre til en slektning på Vestfossen. De gikk sammen til en kafé i Skovveien. Mens de satt her forlot søsteren Johanne en stund. Da hun kom tilbake var den annen gått uten å gi noen beskjed. Hun tenkte hun hadde dratt til Vestfossen, og reiste dit. Da hun ikke kom til rette blev hun meldt savnet til politiet.

Det viser sig at Johanne Aurdal efterat hun forlot kafeen, har tatt en bil ut til Roald Amundsens hjem på Svartskog. Hun gjorde op for bilen, og gikk i retning av huset gjennom skogen. Hun fant frem til Bettys hus, brøt sig inn, og satte sig i en stol foran ovnen, efter å ha tendt op med noe ved som lå der.

I hjembygden var Johanne Aurdal meget avholdt, fordi hun alltid var snild og hjelpsom. For syv år siden reiste hun til Amerika, og kom tilbake like før jul. Hun hadde en god stilling som sykepleierske der over, og det skal ha vært hennes mening å reise tilbake dit.



Artikkel i Sandefjords Blad, fredag 14. januar 1938.

Veska og breva tydde på at kvinna hadde vore i Amerika og at ho hadde tilknytning til Sykkylven på Sunnmøre. Det gjekk ikkje lang tid før det var klargjort at den avlidne var Johanne Aurdal, som tidlegare på dagen var blitt meldt sakna. I 1908 kjøpte Roald Amundsen eigedommen på Svartskog, som han kalla Uranienborg, og han budde der til han døydde i juni 1928. Biletet viser sidebygninga «Bettys Hus» som var bygt som bustad for Roald Amundsen si gamle barnepike. Huset vart totalskadd under brannen i 1938.

### Ei tragedie, som kanskje hadde si forklaring

Politietterforsking og vitneavhøyr kunne etter kvart kaste meir lys over hennar handlingar og gjeremål, som enda i «Bettys hus». Etter at ho forsvann frå kafeen i Skovveien, hadde ho praia ei drosje som hadde køyrt henne ut til Svartskog. Ho forlet drosja ved Svartskog Kolonial, der ho gjekk inn og kjøpte fire konvoluttar og fire brevark. Deretter må ho ha gått til fots, vegen ned til Uranienborg, om lag 750 m. Ho må ha sett seg ned ein stad og skrive dei fire breva som seinare vart funne i veska hennar. Ho må ha streifa litt omkring, før ho kom seg inn i «Bettys hus» gjennom et vindauge. Etter alt å dømme hadde ho, av ukjend årsak, kasta dei to flagga ut gjennom eit vindauge, deretter hadde ho tent opp eit bål i rommet. Ho hadde sett seg på ein stol og sat på den til ho døydde.

Liket vart obdusert den 13. januar av Francis Harbitz, professor i patologi og rettsmedisin ved universitetet i Oslo. Han fann ingen spor av giftstoff og heller ingen ting som kunne tyde på kriminelle handlingar. Han bekrefta òg at Johanne ikkje hadde brukt narkotiske stoff og at ho heller ikkje hadde gjort forsøk på sjølv-mord tidlegare. Det einaste unormale som kom fram under obduksjonen, var funnet av ein stor svulst, 15 cm x 8 cm, i livmora.

Hendinga var omtala i mange aviser i dagane etter 11. januar og det vart naturleg nok lagt fram mange teoriar om grunnen til dødsbrannen. Ein gjorde seg sjølv-sagt tankar om at ho kunne ha hatt kjærleikssorg, eller kanskje var det kriminelle handlingar som var skuld i hennar død. Eit sentralt tema var sjølv-sagt kva samband Johanne Aurdal kunne ha hatt til Roald Amundsen sin heim på Svartskog. Det er då verd å merke seg at Johanna som nemnt hadde ei syster som budde i Oslo, og ho hadde to systrer som budde i Mjøndalen og i Vestfossen, og det er særst truleg at ho kan ha vore på vitjing hos dei fleire gonger, før ho reiste til Amerika i 1928. Ho kunne dermed ha vore godt kjend i Oslo, og reint teoretisk kunne ho sjølv-sagt ha vore på tur ut til Svartskog. At ho kunne ha hatt ein relasjon til ein i Amundsen-familien er lite truleg, og blir berre rein spekulasjon. I åra etter 1924 var Roald Amundsen sjølv sterkt oppteken med ekspedisjonar mot Nordpolen, og han døydde om bord på flyet «Latham» som havarerte i 1928.

På bakgrunn av svulsten som under obduksjonen vart konstatert i livmora, må ein rekne som mest sannsynleg at Johanne leid av hysteri, som for kvinner gjerne har sin årsak i problem med livmora (gresk *hystera* betyr «livmor»). I dag blir ein slik tilstand kalla med det kjønnsnøytrale begrepet dissosiativ liding og er brukt for å beskrive «dramatiske adferdsmessige reaksjonar» eller kroppsplager, ofte knytt til sterke, synlege og tilsynelatande ukontrollerbare

kjensler. Ein kallar det dissosiativ liding når overlevingsstrategien ikkje lenger fungerer eller er hensiktsmessig. Dei to hovudsymptoma er gløymse og identitetsforvirring / identitetsveksling.

### Smerter

Svulsten må ha medført store smerter og blødingar, og ho hadde truleg lite forståing av kva som feila henne. Ho kan ha vore av den oppfatninga at hennar egne handlingar var årsaka til lidinga, og ho kjende kanskje difor på ei irrasjonell skuld-kjensle når ho skreiv i eit av breva som låg i veska hennar, at «jeg mener jeg må betale med mitt liv».

Det har ikkje vore mogleg å finne nokon indikasjon på at Johanne hadde hatt ein relasjon til FBI-direktør J. Edgar Hoover, og heller ikkje til nokon i hans familie. Ein kan sjølv-sagt ikkje sjå bort frå det, særleg då ho skal ha underteikna brevet med «Mrs. Hoover». Sjølv brevet, som skal ha vore på engelsk, er bortkome og vi har difor berre andre hands opplysningar frå avisreportasjane. Ei forklaring på «Hoover-forbindelsen» kan ha vore fantasiar og identitetsforvirring som skuldast ei dissosiativ liding.

I avisene vart det nemnt at ho hadde hatt ei god stilling som sjukepleierske i Amerika, og at ho hadde vore meint på å reise attende dit.

Johanne Aurdal døydde 11. januar 1938 og har fått namnet sitt på familiegravsteinen på kyrkjegarden i Sykkylven. Ho vart gravlagt i Oslo gamle Krematorium, måndag 17. januar 1938.

### Syskena til Johanne:

Severin (1892 - 1972) utvandra til Amerika i 1910, og døydde i Seattle 1972. Skogsarbeid, seinare fiskar med eigen båt i Alaska (utv.soga nr 42).

Halvsyster Olivia Petrine Larsdatter (15.4.1886 d. 12.5.1965). Ho var ei dotter som Olave hadde fått før ho vart gift med Rasmus (faren var Lars Magnussen Brunstad). Ho brukte til ulike tider både etternamnet Brunstad og Aurdal.

Olivia emigrerte til Minneapolis Amerika i 1903 og vart gift i Duluth med Hans Pedersen Røkeberg frå Vestfossen. Han døydde i ei jernbaneulykke i 1910. Ho kom heim til Noreg, saman med sonen Melvin i 1911 og vart gift i 1913 med bror til Hans, Karl Martinius Pedersen Røkeberg. Gardbrukar på Røkeberg gnr. 29 bnr. 3 i Vestfossen. Karl (d.1964) og Olivia (d.1965) Røkeberg er gravlagt på Haug gravlund i Øvre Eiker.

Anna f. 1.4. 1894, gift 29.6.1918 (i Sykkylven) med Ludvig Larsen Rolfsrud (1888 - 1953), Nedre Eiker, Mjøndalen. Ho døydde i 1981 og er gravlagt på Haug gravlund, Øvre Eiker.

Nikoline f. 11. 9. 1898 - sydame i Oslo (d 25. 1. 1976). Ifølge politirapporten 1938, budde ho hos ein Hilmar Berg (sjåfør) i Hausmannsgate 31\_1. Ho vart gravlagd på Haug gravlund, Øvre Eiker, under same gravstein som halvsystra Olivia Røkeberg. Petter f. 1902 på bruket.

Lars f. 1904 utvandra til Amerika 1923. Heime på besøk 1937 og 1954 (utv.soga nr 41).

Ragna (1906 - d. 19.6.1937 - Opdøl sykehus, av lungebetendelse)

-----  
<https://www.slektogdata.no/gravminner>

[http://www.norwayheritage.com/snitz/topic.asp?TOPIC\\_ID=6682](http://www.norwayheritage.com/snitz/topic.asp?TOPIC_ID=6682)



**Geir Tandstad**  
fødd 1955, har vore lærar  
ved Sykkylven ungdomsskule,  
Velledalen skule og Tandstad skule  
og gardbrukar på  
heimegarden på Tandstad.

# Song om vennskap

Av Geir Tandstad

Mange av oss som har levt ei stund, vil vonleg ha minst éin romsleg venneflokk frå yngre dagar – romsleg då meint om både omfang og definisjon. Ofte er desse frå tida vår på skule eller i utdanning, enten ei klasse eller eit kull, eller eit lag frå ein fritidsaktivitet. Den gongen, mens vi var saman i eit slikt fellesskap, tenkte vi kanskje ikkje so mykje over korleis vi eigentleg levde og hadde det. Tankane på korleis det faktisk var og fungerte – kvalitetane i fellesskapet og verdien av det, sosialt og elles – både kjem og modnast helst i ettertid.

Slike venneflokkar finn då gjerne etter kvart ut at dei vil møtast til treff av og til. Ofte endar det med avtale om å samlast med faste intervall, kanskje med fem eller ti års mellomrom. Tida endrar uvilkårleg på mykje, og ein kan saktens undrast korleis det vil gå med vennskapet. Heldigvis blir truleg dei fleste forbina på kor fort og lett vi finn att den gamle tonen i praten, tråden i veremåten og heile hopehavet med flokken vår. Og legg vi inn ei økt med allsong til kjende tonar, opplever vi fellesskap og samhald – og styrkjer soleis òg vennskapet på enkelt vis.



Gleda av å treffast igjen - denne gongen jubilerande studentar frå Volda lærarskule som hadde treff tidlegare i år. Geir Tandstad hadde skrive to av songane til jubileet. (Foto: Privat)

## Vår ring av vennskap

Tone: «Will the Circle Be Unbroken»

Vil vår ring av vennskap brotne  
til vi møtest neste gong?  
Gammalt vennskap, vil det rotne,  
det vi hadde, det vi trong?

Band av vennskap, vil dei veikne,  
miste styrke år for år?  
Vennskapskjensla, vil ho bleikne,  
gi oss lengt og hjartesar?

Vil vi gløyme, vil vi sakne  
kjende stemmer, rygg som bar?  
Heile veven, vil han rakne,  
slitnar trådar, der dei var?

Vil då ringen tape glansen,  
ikkje skine slik som før?  
Vil vi sakte miste sansen  
for dei varme, gamle glør?

Nei, vår ring vil ikkje brotne  
til vi møtest neste gong,  
for vårt vennskap vil 'kje rotne  
når vi samlast med vår song!

Geir Tandstad



*Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist og museumsmann og no pensjonist med skrivekløe. Han er redaktør for Årbok for Sykkylven,*

# Norskdamskvinne og landssvikar

Av Kjetil Tandstad

**- Dina Sletten var først og fremst veldig opptatt av kulturarven og norsk folkekultur. Når ho melde seg inn i NS var det nok helst fordi ho trudde det kunne gi henne ein sjanse til å dyrke sine byggjande interesser. Men bordet fanga, meiner Martin Furseth.**

I år har han levert si fjerde bok om sentrale sykkylvingar. Sjølv om Martin Furseth har budd i Ørsta i det meste av sitt liv, er slekta hans for ein stor del frå Sykkylven. Han tok merkantil utdanning og var med frå første stund då datateknologien kom til Ørsta-industrien. Seinare har han arbeidd som IT-konsulent og utviklar. Han arbeidde til han var 76, før han rakk å pensjonere seg. No er han 82. Han har alltid vore interessert i historie og likte å skrive, men no fekk han betre tid. Dei siste par åra har han levert bok om morfaren Martin Lyshol, farfaren Andreas Furseth og Oskar Furseth, eitt av søskenbarna til faren. Sjølv om alle livshistoriene er henta frå hans eigen familie, handlar dei om personar som på ulikt vis har sett sitt preg på sykkylvssamfunnet.

## Gardsdrift og kultur

Denne hausten kom endå ei bok, denne gongen om det turbulente livet til Dina Sletten, gift Stave, som budde i Sykkylven frå 1919 til 1933. Ho kom til bygda med stor kulturell bagasje. I løpet av åra ho budde her, sette ho sitt avtrykk på miljøet med sine kunnskapar og erfaring frå folkekultur og musikk og med sitt store engasjement for fråhaldssak og tilbod for born.

Grunnen til at ho hamna i Sykkylven, var at bror hennar, Klaus Sletten, som var redaktør i Møre Tidend i Ålesund, hadde kjøpt Ola-Karl-garden på Ytre Ikkornnes. Det viste seg at redaktøren ikkje hadde tenkt å drive garden sjølv. Etter ei tid kom den 35 år gamle søstera hans flyttande saman med ei ti år gammal dotter. Det var ho som skulle stå for gardsdrifta. Bygdefolket var skeptiske, men det viste seg at den nye naboen visste kva gardsarbeid var. Ho var vaksen opp på gard i Lindås og hadde også gått småbrukarskule på Toten.

Ho var initiativrik og handlekraftig. Etter kort tid vart ho gift med den noko yngre Ole Anton Stave og dei fekk dottera Alfild. Dina vart ei drivande kraft i kulturarbeid blant born og i barnelosjen Solgløtt, der blant andre Jens Ekornes var med. Ho tok initiativet til Sykkylven barnekor. Ho var aktiv i Sørestranda ungdomslag og var med på programmet på opningsfesten for ungdomshuset i 1932. Ho skulle bli ein mykje brukt foredragshaldar og var også medlem av verjerådet og museumsnemnda. Ho vart også utnemnd til distriktsforstandar for barnelosjane på Sunnmøre.



«Høyrøktig på Naustvollen», datert sommaren 1922. Garden var tidlegare eit bygslebruk, men i 1884 kjøpte Ole Anton sin farfar, Tomas Stave, bruket for kr 3600 og vart sjøelveigar. Garden ligg på vestsida av Sykkylvsfjorden, og som namnet tilseier, under høge og bratte fjell. Nærast er Stavekollen (Staffellet) og lenger bak Skopphornet som stig opp til 1226 moh. Litt sør for garden går nesten årvisst Stavefonna, ei stor snøfonn som sume tider går heilt på sjøen, men skade på hus eller folk skal ikkje ha skjedd. Personane på bildet er, frå venstre: Helge Syversdatter, 77 år, føderådsenke, mor til Knut Johan. Ingerid Sletten, 13 år, Dina si dotter. Ole Anton Stave, 28 år. Dina Sletten, 37 år. Knut Johan Stave, 55 år, far til Ole Anton. Bjarne Stave, 15 år, bror til Ole Anton. Petrine Olave, 56 år, mor til Ole Anton. Ho held Alfild, Dina og Ole si dotter, som vart fødd i april 1921. Ikkje med på bildet, to av borna som truleg budde på garden på denne tida: Helga Olivia (f. 1897). Denne sumaren (1922) vart ho gift med Karl Johan Riksheim frå Ikkornnes. Nils Severin (f. 1900) var snikkar og bygningsmann Peder Oskar (f. 1905). Bildet er utlånt av Njål Stave, ukjend fotograf.

## Kaffistover og skodespel

Dina var ei kvinne med ressursar. Ho hadde gått folkehøgskule på Voss og industriskule i Kristiania. Men ho var også ei kvinne med ei fortid. Ho hadde vore gift og blitt skilt i Bergen. I tillegg til å ha blitt mor til ei dotter, hadde ho drive fleire kaffistover i eigen regi. Ho hadde også vore styrar for ei kaffistove i Stavanger. I hovudstaden var ho aktiv i Bondeungdomslaget. Ho hadde stått på scena både som songar og skodespelar i regi av Det norske Spellaget, som var forløpar for Det Norske Teatret. Her hadde ho blant anna ei rolle i den uhyre populære komedien Rationelt fjøsstell, skriven av Hulda Garborg.

Folk hadde vore skeptiske då ho kom åleine kvinne for å drive gard på Ikkornnes. Men ho fann sin plass i lokalmiljøet. Men då dottera Ingerid vart gravid med den 22 år gamle bror til mannen hennar, vart det ikkje berre folkesnakk. Det var også eit forhold i strid med lova. Sjølv om dei ikkje var i slekt, var det ulovleg å gifte seg med sin eigen onkel. Familiane ordna opp. Hans familie skaffa pengar til billett og sende han til Amerika. Dina adopterte barnebarnet og behandla henne resten av livet som si eiga dotter.



Dina Sletten Stave, saman med dottera Alfild, fødd 1921. (Eigar av bildet Cintia Weber).

Tanken var nok å bli buande i Sykkylven, men på trettitalet bestemte dei seg for å flytte. I 1933 finn vi Dina og Ole Anton att i hovudstaden. Dina starta Vestmarka Sportskafe i Bærum som ho dreiv fram til 1939. Ho prøvde seg også på ein mjølk- og delikatessebutikk. Ole Anton arbeidde truleg som bygningsmann.

### NS-medlem

Men hovudinteressa til Dina var framleis norsk tradisjon og kultur. Då krigen kom og Noreg var okkupert, skulle det vise seg at også okkupantane viste interesse for det dei oppfatta som klassiske germanske kulturytringar. Formålet var også propaganda og eit forsøk på å knyte band til det nasjonale kulturlivet. Dette var utspel som norskdomsorganisasjonane avviste gjennom å leggje ned drifta for å hindre at dei skulle bli nazifiserte. Likevel melde Dina seg inn i Nasjonal Samling i 1941. Truleg såg ho innmeldinga som ein sjanse til å kunne drive meir aktivt med sine hjartesaker.

Med medlemsskapen i hand vart ho utnemnd som styrar for eit akademi for folke-dans. Akademiet vart etter kvart utvida til noko dei kalla ein nasjonalhøgskule som skulle ta seg av arbeidet med norsk tradisjonskultur. Her var Dina knytt til institusjonen som lærar. Ho vart også medlem av Kulturtinget, som var eit rådgivande organ for det nazistiske Riksstyret.

Då freden kom, var Dina Sletten Stave blant dei første som vart arrestert og dømd som landssvikar. Ho fekk ein dom på fengsel i eitt år og seks månader og dessutan tap av allmenn tillit resten av livet. Etter åtte månaders soning vart ho benåda. Tillitstapet vart også redusert til ti år.

### Argentina

I 1947 reiste ho frå landet saman med dottera Dagrund, som hadde blitt 20 år. Dei reiste først til Chile, så til Brasil, der ho skulle få arbeid hos ein slektning på ein gard. Det ordna seg ikkje og ho reiste vidare til Argentina. Etter kvart kom også ektemann Ole Anton og døtrene Ingerid og Alfild og deira familiar. Dei tre mann-folka prøvde i god sykkylvstradisjon å starte ein møbelfabrikk. Dina laga vevnader og strikka norske kufter for sal. Etterkomarar har fortalt at ho skilte seg ut fordi ho gjekk i bunad. Dei mintest henne som ei streng og imponerende dame.

-Ho var på ingen måte nokon glødande nazist. Men ho var ein medløpar. Eg har gått gjennom artiklane ho skreiv i tidsskrift og aviser før og under krigen. Dei handla alltid om den nasjonale kulturarven. Eg fann ikkje noko tilfelle der ho argumenterte for nazismen, seier Martin Furseth som har tråla arkiv og også spora opp amerikanske slektningar av Dina Sletten Stave.

- Det mest fatale ho gjorde var naturlegvis at ho melde seg inn i NS i 1941. Ho kom frå eit miljø der det var kaldfront mot okkupantane. Det hadde nok ikkje mangla åtvaringar. Brorson hennar, Vegard Sletten, som hadde hjulpet henne som dreng på garden på Ikorndes, hadde blitt journalist i Stavanger Aftenblad. Han sa opp jobben då avisene vart underlagt sensur. Han vart motstandsmann og hamna i fangeleiren Grini. Då freden kom vart han politisk journalist og etter kvart redaktør

i avisa Verdens Gang, avisa som Heimefronten var med å skipe etter frigjeringa i 1945.

I ettertid kan vi sjå at Dina Sletten Stave var uheldig ved at rettssaka mot henne kom så tidleg. Straffenivået vart lågare etter kvart som krigen kom litt meir på avstand. Det var også grunnen til at ho vart benåda. Dette at ho reiste frå landet tok frå henne sjansen til å bli integrert i det norske samfunnet igjen etter at ho hadde sona si straff. Ho var bitter på heimlandet, men lengta nok heim. Ho budde i Argentina til ho døydd i 1960.

### Lokale biografier

Slektsgransking kan også gi eit viktig tilskot til lokalhistoria. Biografiane Martin Furseth har skrive over morfar, farfar og søskenbarnet til faren er også interessant som tidsbilde og fyller ut bildet av utviklinga i lokalsamfunnet på 1900-talet. I tillegg til boka om Dina Sletten har det kome tre lokale bøker frå Martin Furseth dei siste åra. Ein biografi om morfaren Lyshol-Martin, ein om farfaren Andreas Furseth og den korte livshistoria til den litt fjernare slektningen Oskar Furseth.



**Morfar Martin Lyshol** (1884 – 1972) voks opp i ein søskenflokk på seks. Som tolvåring fekk han ein skade i foten som det sette seg verk i. Foten måtte amputerast. Det førte til at Martin gjekk i skomakarlære. Skomakaryrket var ein vanleg utveg for folk med funksjonshemming.


Martin var musikalsk og byrja tidleg å spele fele. Etter kvart opplevde han ei religiøs omvending. og byrja å gå på bedehuset. Det syndige instrument fela skulle leggjast på hylla for godt. Men etter oppmuntring frå emissær Eidem ombestemte han seg etter kvart og han brukte fela i song- og musikklaget på bedehuset. Kona Marie var også med og spela gitar. Martin Lyshol vart den faste dirigenten til songlaget og hadde denne jobben i 40 år.

Eldre folk vil hugse det vesle skomakarhuset i fjøra ved kyrkja. Der budde Lyshol-Martin og der hadde han skomakarverkstad. Han brukte mykje av tida si på musikk og skapte mange vakre og særeigne arrangement for misjonskoret. Han harmoniserte melodiar og han lærte seg også orgelspel.

I boka om farfaren **Andreas Furseth** (1878 – 1938) gir Martin Furseth oss ein viktig bit av historia til konfeksjonsindustrien i Sykkylven.

Andreas Furseth kom frå Stranda til Sykkylven rundt hundreårsskiftet og var utdanna skreddar. Han budde først i Eliasgarden på Aure med verkstad i loftstasjen. Seinare i det huset som vi i dag kjenner som Lied-huset, men som har fått namn etter han som kjøpte det av han. For Andreas trengde meir plass og kjøpte deretter tidlegare Hotel Søndmør der han fekk verkstad i første etasje og bustad og hyblar i andre.

*Martin Furseth (82) har skrive biografier om slektningar frå Sykkylven. Datapioneren og den tidlegare IT-konsulenten står også for den grafiske utforminga av bøkene. Her er han fotografert i stova i det særmerkte tårnhuset sitt i Ørsta sentrum. (Foto: Kjetil Tandstad)*



Oskar Furseth-boka.



Andreas Furseth-boka.



Oskar Furseth-boka.

Dette var før det kom elektrisk kraft til bygda. Det var parafinlamper som gav arbeidslys, og ein vedovn gav varme til strykejarna. Han produserte herreklede, bukser, vestar, jakker og frakkar. 1920 bygde han endå eit hus, som vi i dag kjenner som Fix- eller Solnørdalhuset.

Andreas Furseth fekk kjenne dei vanskeleg tjueåra på kroppen. Han tapte mykje på kundar som ikkje greidde å gjere opp for seg og eit samarbeid med Aalesunds Konfeksjonsfabrikk vart avvikla. Andreas Furseth bygde likevel sitt tredje hus, denne gongen lenger inne på Klokkehaugen. Då sonen Paul tok opp tradisjonen og starta P. Furseth Konfeksjonsfabrikk i 1932, engasjerte han faren som sin første arbeidar.

**Oskar Furset** (1906 - 1932) er historia om en gåverik ungdom og det korte livet hans. Han var fødd på Stranda. Mor hans var mi grandtante, fortel Martin Furseth. Han var uvanleg flink til å skrive og var aktiv i ungdomslag og idrettslag. Han byrja på underoffisersskulen, men braut av utdanninga for å ta til i den gryande møbelindustrien i Sykkylven. Då Møre Kurvmøbelfabrikk flytta frå Sykkylven til Ørsta, flytta han med, fortel Martin Furseth.

Heilt frå barndommen hadde Oskar Furseth vore aktiv i idrett, både turn, fotball og langrenn, men størst var interessa for skihopping. Søndag 20. mars 1932 var det hopprenn i Høgstigabakken i Nupen i Ørsta, og der vann han si klasse. Berre vel to månader seinare, 27. mai 1932, døydde Oskar, og han vart gravlagt i Sykkylven. I klokkeboka var han ført opp som «ugift korgbinder» med bustad på Aure, og som dødsårsak skreiv presten «hjernebetennelse».

Tilbake i sorg sat kjærasten Ingerid, eldste dotter til Dina Sletten Stave, som han var forlova med. Oskar og Ingerid var i ferd med å planlegge eit liv saman. Oskar sin død var nok ein medverkande grunn til at både ho og resten av familien braut opp og flytta til hovudstaden igjen, meiner Martin Furseth som via slektningen Oskar kom på sporet av historia om Dina Sletten Stave.



Gravfølget til Oskar Furseth ved Sykkylven kyrkje på Aure, 2. juni 1932. Ved sida av Nikoline Furseth, midt på bildet, står Ingerid Sletten som var blitt trulova med Oskar, hausten før. Dama i mørk kåpe som står til venstre, ved enden av kista, er Dina Sletten Stave, og ved sida av henne, nær bildekanten, står mannen Ole Anton. Dei fire mennene som står bak Dina på bildet, er Jens Ekornes, Karl Lyshol, Petter Langlo og Paul Furseth. Jenta som står mellom Dina og Ole Anton, er truleg Dagrund. Jenta med lys hatt og kåpe, som står nærast Nikoline, er truleg Alfild. Dei tre borna som på bildet står til høgre for Alfild, er Oskar sine halvsysken frå Aursnes.

## Ei eldsjel gjennom heile livet

Av Eldrid Suorza

**Kjellaug Roald er ei kvinne som gjennom sitt lange liv har vore kjent som ei ekte eldsjel – alltid med eit varmt hjarte for andre og eit brennande engasjement for fellesskapet.**

Kjellaug vart fødd som nummer fem i ein syskenflokk på sju på Haugen i Eid i 1942. Det var eit aktivt og arbeidsamt liv på garden, der alle barna fekk lære å hjelpe til frå tidleg alder. For Kjellaug blei dette startpunktet på eit liv der hardt arbeid og dugnadsånd har vore sentrale verdiar. Ho fortel med eit smil om korleis ho saman med syskena delte på gjeremåla, både ute og inne. Dei var mange og fekk bryne seg på både kvarandre og arbeidsoppgåvene.

Etter grunnskulen var det ikkje gitt at alle søskena fekk utdanning utover folkeskulen, men far til Kjellaug gjorde det til ei oppgåve at kvart barn skulle få minst eitt år ekstra utdanning. For Kjellaug vart det fleire år, noko som leidde henne til realskulen på Eid, og seinare til handelsskule.

### Frå kjøkken til kafédrift

Men livet tok ei vending då Kjellaug berre 17 år gammal, flytta til Sykkylven for å jobbe som butikkmedarbeidar på kafé og butikken til familien Roald i Sykkylven. Det var her ho møtte Bastian Roald, mannen som skulle bli både ektemannen hennar og samarbeidspartnar i mange år framover. Kjellaug fortel med varme om korleis ho vart teken i mot på kaia av Astrid Roald då ho kom til bygda. Astrid vart seinare svigermor hennar. Familien dreiv saman både bakeriet og den lokale butikken og kafeen i Sykkylven, ein stad som utvikla seg til å bli eit sosialt sentrum for bygda. Kafeen var meir enn berre ein arbeidsplass – det var ein møteplass for heile lokalsamfunnet på 50 – 60-talet og i mange år seinare. «Palmen», som kafeen vart kalla den gong, var



**Eldrid Suorza**  
fødd 1950, har arbeidd som lærar, rektor, flyktningkonsulent og kommunalsjef. Ho er medlem av årbokredaksjonen og med i Sykkylven sogemnd.



Dyktige Kjellaug Roald har stort engasjement for Sykkylven kommune.  
Foto: Servicetorget.

ein viktig arena for fellesskap, ein stad der folk møttest for ein prat og ein kaffi-kopp. Kjellaug var ikkje berre ein arbeidar i butikken, ho var også den som knytte menneska saman og var med på å skape eit inkluderande miljø. Ho hugsar tilbake på kor hektisk det kunne vere, men også kor givande det var å vere ein del av dette viktige knutepunktet i bygda.

### Familieliv og arbeid

Kjellaug og Bastian gifta seg i mai 1961. Bryllaupet var eit styr i seg sjølv, fortel Kjellaug, for akkurat på den tida heldt dei på å flytte Roaldhuset frå hovudgata og lenger fram i sentrum til Rellingmarka. Same året kom det første barnet, Anton Leon. Det vart bygt nytt stort hus, og planen var å drive større med både bakeri, butikk og kafeteria. Svigermor skulle vere på kjøkkenet, men slik gjekk det ikkje. Ho vart sjuk det året, og dei trong hjelp. Gudrun Roald lova å hjelpe til med matlaginga på kafeen, noko ho gjorde i heile ti år.

Svigermor døydde i 1963, eit stort sakn for alle. Same året kom det andre barnet, Catherine. Det vart travle tider for Kjellaug som måtte trø til på fleire område i drifta. Det tredje barnet, Ingrid, kom allereie sommaren 1964. Tre barn på tre år. Då fekk dei kjærkomen hjelp av syster til Kjellaug, Helga. Ho hjalp til både i huset, i kafeen og butikken. Seinare vart Helga gift med Rolf Hjellegjerde og busett i Sykkylven. Det vart til stor glede og støtte for Kjellaug og familien.

Gjennom åra vaks familien. Kjellaug og Bastian fekk fem barn saman; Birgitta kom i 1967 og Severin i 1975.

-Å ha så mange små barn på Aure den tida var ikkje lett. På 60-70 talet la ferga til på Aurekaia, og det var stor trafikk i gata. Ikkje heilt forsvarleg å ha ungar ute, men det fanst ikkje barnehagar. Bastian såg at vi skulle hatt ein annan stad å vere. Då kjøpte vi delar av ein fråflytta gard på Vinsneset i Søvikdalen. Det vart ein trygg fristad for familien. I dag er det yngste dotter vår som eig staden.

Interiør frå Roaldkafeen.  
Foto: Privat.



### Travle dagar

Etter kvart som barna vaks til, vart dei med på fritidsaktivitetar. Syttande mai var alltid ein travel dag hos familien Roald; bunadar, korps-uniformer, turndrakter, speidardrakter og andre klede skulle på plass. Kleda hang på geledd i gangen. Planlegging og å vere litt i forkant, hadde Kjellaug lært heime.

Kafeen var full av folk heile dagen, softis skulle alle ha, vi arbeidde dag og natt. Både Lurlåt og speidarane hadde 17.mai- frukost på Roald-kafeen tidleg om morgonen. Roaldkafeen, som han vart heitande, var eit sentralt midtpunkt på Aure og ein møteplass for både små og store heilt fram til hundreårsskiftet. I tillegg til kafeen tilbød Roald også catering til fabrikkar og



Trafikkforholda rundt Roaldhuset ca. 1970. Foto: Sykkylvsbladet.



Her ønsjer Kjellaug Roald velkommen til Sykkylvsdagane i 1991 som leiar for Sykkylven handelsforening. Foto: Nils Einar Rye for Sykkylvsbladet.

private ved t.d. konfirmasjonar og bryllaup. Anton Leon tok over drifta i 2003 og hadde både kafé, bar og diskotek i lokala. Ungdomen sette stor pris på dette tilbodet, og saknet var stort då han slutta. Spesielt i helgane var der mykje folk. Heile tida var Kjellaug kokke på kjøkkenet. Drifta vart avvikla i 2007.

### Korpsmusikk og politikk

Samstundes som ho var travel med butikken og familien, engasjerte Kjellaug seg sterkt i lokalsamfunnet. To av barna var med i skulekorpset. –Det var som oftast eg som fylgde opp borna, for Bastian hadde bakeriet å ta vare på. Han stod tidleg opp og var trøtt kveldane, fortel ho. Kjellaug blei raskt ein viktig aktør i korpsarbeidet der ho leia foreldreforeininga og var med barna på mange turar, både lokalt og til Oslo. Ho vart godt kjend med mange foreldre og har fantastisk gode minne frå arbeidet i korpset. Dette engasjementet i barne- og ungdomsarbeid la grunnlaget for vidare arbeid innan politikk og samfunnsliv.

Politikken kom etter kvart også inn i livet hennar. På 1980-talet vart ho spurt om å stille som kandidat for Høgre til kommunevalet. Det var ikkje noko ho sjølv hadde forventa, men såg det som ei naturleg forlenging av sitt engasjement for bygda. Ho var med i fem periodar, inkludert fleire år i formannskapet og helse- og sosialnemnda. Ho har også vore med i mange utval; div. planutval, eldreutval og kontrollutval. Som lokalpolitikar sette ho seg grundig inn i sakene og jobba hardt for å sikre at bygda hadde gode tenester, spesielt for barn, ungdom og eldre. Det var mange dokument å lese, ofte tok ho natta til hjelp. Kjellaug fortel at ho valde Høgre fordi dei m.a. var opptekne av enkeltindividet og næringsutvikling.

–På 70-talet starta vi eit eige lag for Høgre-kvinnene i Sykkylven. Vi var så mange som 70 – 80 kvinner med der nokre år. Eg kan hugse at vi hadde eige 8. mars møte før fellesarrangementa for 8. mars starta i Sykkylven. Det at alle parti deltek i planlegging og gjennomføring av 8. mars arrangementa, har vore ei suksesshistorie gjennom 50 år her i kommunen. Kjellaug vil ikkje framheve spesielle saker ho har vore oppteken av. Ho ser ikkje på seg sjølv som ein framstående politikar, men kallar seg ein «allroundar».

–Dersom ein driv eiga næringsverksemd som butikk og kafé, må ein ligge litt lavt. Då kan ein ikkje vere altfor bastant i meiningane sine. Det kan støyte bort folk. Når eg liker å vere saman med folk og delta i slike samanhengar, vil eg gjerne gjere noko som kan vise litt igjen. Då blir eg gira. Når ein blir eldre, er det lett å hamne i sofaen, difor synes eg det er godt å vere aktiv og ha noko å delta på, seier ho. Kjellaug er framleis varamedlem til kommunestyret og fast medlem både i Eldrerådet og i Kontrollutvalet. Store oppgåver og stort ansvar. I år feirar Sykkylven handelsforening 70 år. Kjellaug har i fleire år vore eit aktivt medlem i foreininga. Ho har også vore leiar.

### Familien viktigast

På slutten av 80-talet begynte mannen hennar å merke dei første symptoma på Parkinson sjukdom. Ein kamp som varte i mange år. Kjellaug stod støtt ved hans side, og gjennom desse utfordrande tidene la ho politikken på vent for å kunne ta hand om familien. Ho måtte ta på seg meir av det praktiske arbeidet. Bakeriet vart avvikla ca. 1990. Det var ei tid som kravde mykje styrke og pågangsmot, men

Kjellaug ser tilbake på det med ei blanding av stoltheit og varme. Dei danna eit sterkt samhald som familie. Kjellaug har også funne tid og krefter til å vere støttekontakt for eit anna medlem i slekta. Frivillig arbeid i kvardagen gir meg mykje, men familien kjem først, seier ho.

Kjellaug har vore aktiv i fleire organisasjonar, noko ho framleis er. I 1978 vart ho med i Rebekkalogen som er søsterorganisasjonen til Odd Fellow.

–Logen hadde eg ikkje noko kjennskap til den gong. Det var Bastian si tante, Lovise Aure, som fekk meg med der. Eg ville gjerne vere med på noko som var bra for meg sjølv. Logen er som eit eige samfunn, eit godt kvinnefellesskap med eit indre liv heilt annleis enn noko anna eg har vore med på. Medlemskap kan vere svært utviklande, meiner Kjellaug. Her får du verv som gjer at du må ta ordet og vekse på det. Elles driv Logen med humanitært arbeid, gir pengar til trengande eller gode formål som ungdomsarbeid, ballbingar e.l. I Loge Venia er det ca. 70 medlemar. Kjellaug har hatt mange verv i Logen, både i den lokale Venialogen og i Logeleiren, som er ei samling av fleire loger i området Møre. Der er Kjellaug framleis leiar.

### Pensjonist

Som pensjonist er Kjellaug framleis med i offentleg liv. Ho er aktiv i organisasjonar som pensjonistlaget og Rebekkalogen.

–Pensjonistlaget er fint å vere med i, der kan ein gjere ein innsats, seier Kjellaug. Ho har vore både styremedlem, nestleiar og leiar i laget. For nokre år sidan vart det eit samarbeid mellom pensjonistlaget, helselaget og kyrkja ved soknedia-konen. Det var ynskje om å få til ein møteplass på dagtid som låg til grunn for initiativet. No har dette utvikla seg og har funne si form, «Onsdagstreff». Annan kvar onsdag formiddag i kyrkjekjellaren er det lett underhaldning med foredrag om eit lokalt tema, evt. bildeframvising, musikk og ein enkel lunsj. Uformelt og rimeleg. Desse arrangementa har blitt veldig populære. Sykkylven sin flinke og engasjerte diakon leiar samlingane, og ofte er salen nesten full. Kjellaug er med i arbeidsgruppa som planlegg møta.

Då kommunen fekk forespørsel om å vere vertskap for NRK si satsing «Sykkel-sommar 2023» og presentere eit sunnmørsk kakebord, var det naturleg å vende seg til eit «ja menneske» for å organisere dette. Kjellaug tok utfordringa. Saman med fleire andre dekkja dei eit gedigent kakebord på Aurekaia med over 70 kaker, levert av frivillige. Kven hugsar vel ikkje TV-bildet av Andreas Wahl som låg utslått på bakken fordi han skulle smake på alle kakene?

### Frivilligsentralen

Frivilligsentralen er også eit hjartebarn for Kjellaug. Der har ho vore med i mange år, også som styremedlem.

–Det var Marit Karin Winsrygg som fekk meg med der. Dei trong nokon som kunne hjelpe til med matlaginga. Eg sa ja til å lage ball kvar torsdag, mange frivillige jobba der. Vi heldt på heilt til pandemien kom i 2021. Då vart det stengt i to år. Etterpå var det vanskeleg å ta det opp att. I år prøver vi igjen. Eg steikjer sveler kvar torsdag. No er det tilsett ny leiar og frivilligsentralen skal flyttast. Eg har tru på at det blir fint å samle denne tenesta i bibliotekbygget.



Kjellaug leiar sosialkveld for Logen.  
Foto: Arkiv Logen.

Når ein spør Kjellaug kva som har vore drivkrafta bak hennar lange og mangfaldige innsats, peikar ho på oppveksten, på foreldra sine sterke samfunnsengasjement og den stolte tradisjonen av hardt arbeid og fellesskap som ho har tatt med seg frå heimen. Ho understrekar at ho aldri har søkt makt eller posisjonar for sin eigen del, men har alltid sagt ja når ho har blitt spurt, fordi ho ynskjer å gjere ein forskjell. Det er kjenneteiknet på ei ekte eldsjel - ho som aldri trer fram i rampelyset for sin eigen del, men som alltid stiller opp for andre med glede og omsorg. Kjellaug Roald er eit eksempel på at ekte samfunnsengasjement og dugnadsånd kan forme eit heilt lokalsamfunn. Ho er der for andre, i både gode og tunge tider, og gjennom sitt engasjement og sin varme gjer ho Sykkylven til ein betre stad å bu for mange.

### Skussmål:

**Sykkylven kommune:** Kjellaug Roald var fast medlem i kommunestyret i tre periodar (84-87, 88-91 og 99-03). I to periodar sat ho også i formannskapet (88-91 og 99-03). Ho har vore i eldrerådet sidan 2015. Vidare i kontrollutvalet i førre periode (19-23) og også i inneverande periode (23-27).

**Sykkylven Pensjonistlag v/ Tor Mørkeset:** Kjellaug har vore medlem i Sykkylven pensjonistlag i mange år, av desse fleire år i styret som medlem, leiar, nestleiar, varamedlem og medlem i valnemnda. Ein særskild aktiv person som har sett sine varige spor. Kjellaug har bidratt på pensjonistfestane med foredrag og gode opningsord. Fleire styremøte møtte ho opp med velsmakande skuffekaker, sveler og anna bakverk. Kjellaug har også vore med eit uttal gongar med å legge til rette, organisere og klargjere for matøktene på festane. Ho har ein veremåte som skaper gode arbeidsmiljø. Omgjengeleg, ikkje invaderande, alltid smilande og blid med ein naturleg autoritet. Svelene til Kjellaug er vidt kjende og populære, også på pensjonistfestane og pensjonistlaget sin stand på Sykkylvsdagane.

**Loge nr. 44 Venia v/ Evelyn Liseth:** Kjellaug vart med i Rebekkaloge nr. 44 Venia i 1978. Ho har hatt mange verv i Logen, bl.a. leiar. Ho er også med i Leir nr. 7 Møre som er ei samanslutning for alle logane i distriktet. Også der har ho hatt mange verv, bl.a. leiar. Ho har alltid vore raus, arbeidsam, hjelpsam og tenestevillig og til stor inspirasjon og støtte for oss andre til å gjere ein innsats. Ho har ofte laga til den herlegaste mat til oss på møta. Vidare har ho bidrege med mange gode forteljingar og foredrag for oss både til lærdom og latter. Så sant ho er heime, kjem ho på møta i logen annankvar onsdag. Ei flott dame som vi alle set pris på og ser opp til.

**Sykkylven Høgre v/ partikollega Synnøve Ramstad:** Kjellaug ser det positive i alt. Ho er raus, ekte, samvitsfull og lojal. Ho er driftig, og har hatt store utfordringar som ho har meistra godt. Ho er ein leiartype med stor samarbeidsvilje. Ho er flink å skrive politiske innlegg og deltek aktivt i debattar.

**Frivilligsentralen v/ Elisabeth Weiberg-Aurdal (frivillig):** Kjellaug er eit unikum for Frivilligsentralen, ho stiller opp jamt og trutt. Til og med på julaften stiller ho opp. Sist jul brukte ho heile dagen til å lage julemiddag for 35 personar. Det er berre positive ord å seie om henne. Alle kjenner Kjellaug, ho betyr mykje for miljøet her. Ho er god til å organisere og til å lage mat. Ho har også bein i nasen og kan sette ting på plass om det er nødvendig.



TV-programmet Sykkelsommar kom innom Sykkylven i 2023, blant anna for å oppleve eit skikkeleg sunnmørsk kakebord. Ein stor bagedugnad sørger for 70 kaker på bordet. Kjellaug Roald var sentral i arbeidet og programleiar Andreas Wahl frå NRK vart mektig imponert over utvalet av flotte kaker. Kven hugsar vel ikkje TV bildet av Andreas Wahl som låg utslått på bakken fordi han skulle smake på alle kakene? (Foto: Åsne Helene Folstad)



Svelesteiking på Frivilligsentralen. (Foto: Eldrid Suorza.)



Då kommunen fekk forespørsel om å vere vertskap for NRK si satsing «Sykkelsommar 2023» og presentere eit sunnmørsk kakebord, var det naturleg å vende seg til eit «ja menneske» for å organisere dette. Kjellaug tok utfordringa. Saman med fleire andre dekkar dei eit gedigent kakebord på Aurekaia med over 70 kaker, levert av frivillige.



**Helen Seth,** fødd 1991 frå Lepsøya, studerte til bibliotekar i Tromsø og er bibliotek-sjef i Sykkylven. På fritida driv ho innebandy og syng i Velledalskoret. Ho er også medlem i redaksjonen i Årbok for Sykkylven.

# Action og gode vener

Av Helen Seth

**Sykkylven storhall har blitt eit viktig samlingspunkt for ungdommen i kommunen. Hallen tilbyr eit mangfaldig aktivitetstilbod og fungerer som arena for både idrett og sosiale samkomer. Tilbodet for 8.- 10.-klassingar er no inne i sitt 21. år.**

Inger Johanne Riksheim kan fortelje at det opphavleg var Jo André Tandstad, Erlend Lunde og Geir Grimsmo som stifta tilbodet, med litt draghjelp frå kommunen. Den tida var det eit samarbeid mellom kyrkja, kommunen, idrettslaget og politiet. I dag er det hovudsakleg kommunen som driftar tilbodet. Politiet viser seg framleis i lokalet i ny og ne for å snakke med ungdommen.

## Natteramnar

Denne dagen er Susann Osnes på plass som natteramn. Saman med dei andre foreldra til elevane på 8. trinn har ho ansvar og roterer på å vere vakt under Open storhall. Nokre av dei vaksne tek seg òg ein tur ned mot Aure sentrum i løpet av kvelden, då nokre av ungdommane dreg ned dit etter at butikkane no har fått lengre opningstider. Natteramnane sikrar dermed eit trygt miljø der og. Ein fredags kveld høyrer ein unge stemmer og latter allereie utanfor hallen, der

det sit ein gjeng unge gutar i ein engasjert diskusjon. Innanfor døra møter ein tallause ungdommar i full aktivitet. Dei er spreidde utover heile lokalet. Ein finn dei rundt biljard- og lufthockey-bord. Eit jubelbrøl kan høyrast frå lufthockey-bordet der Naod Gerebrahan nettopp har scora eit mål mot Håkon Sæter. Dei to kompisane fortel at dei kjem til Open storhall omtrent kvar gong den blir arrangert for å vere saman med kameratane sine, anten dei kjem hit saman eller møter dei der. Det beste med tiltaket er å sjå andre, og sjølv ha det gøy. Dei klarer ikkje bestemme seg for ein favorittaktivitet, noko som fortel at arrangørane kjenner ungdommen og veit kva dei liker.

## Vennskap og action

Inne i sjølve idrettshallen spring det tenåringar rundt, nokre med innebandykøller i hendene, på jakt etter ballen, andre med badminton-racketar, som Aurora Helland og Victoria Skinnes Hauge. Dei set òg pris på alle aktivitetane, og ramsar opp volleyball, innebandy, bordtennis, basketball, biljard og badminton. Dei har i tillegg noko anna dei set pris på. Det var nemleg her dei treffe kvarandre og vart venner. Sykkylven storhall representerer ikkje berre ein idrettsarena, men i tillegg ein viktig sosial møtestad for kommunens unge innbyggjarar. Tiltak som "Open Storhall" bidrar til å skape eit inkluderande og aktivt lokalmiljø. Det er viktig for foreldra som sit heime og veit kvar tenåringen er. Men ikkje minst for ungdommen, der arenaen betyr ein trygg og gøy møtestad der ein kan henge med vennar, men også knyte nye vennskap.



Full action ved lufthockey-bordet der Naod Gerebrahan (til høgre) nettopp har scora eit mål mot Håkon Sæter. (Foto: Helen Seth.)



Volleyball i Storhallen. (Foto: Inger J. Riksheim.)



Spinning og gode vener lokkar Aurora Helland (til venstre) og Victoria Skinnes Hauge til Sykkylven storhall. (Foto: Helen Seth.)



**Eldar Høidal**  
fødd 1956, er tilsett ved Viti/  
Møbelmuseet i Sykkylven, skøyte-  
løpar og ivrig syklist. Han er histo-  
rikar og har skriva ei rekkje bøker  
om historia til møbelindustrien og  
andre historiske emne. Blant dei  
siste bøkene, er bygdebøkene om  
Skodje og Haram. Eldar Høidal er  
også leiar i Sykkylven sogenemnd  
og medlem av årbokredaksjonen.

# Sykkylvsforfattar mellom aust og vest

Av Eldar Høidal

**Då Ingvill Kjærstein arbeidde med manuset til boka Austvestpassasjen, var ho klar på at det skulle vere med glimt frå heimkommunen, Sykkylven. Difor har både Cylindra, Ramstadkaia og ein ferjemann på Hjellane fått sine fotnotar i norsk litteraturhistorie. Men roman-debutanten understrekar at dette er ein roman. Sjølv om ho har ramma inn forteljinga i for henne kjende geografiske landskap i Noreg og Japan, er boka fiksjon og det som hovudpersonen går gjennom er oppdikta.**

Austvestpassasjen kom ut på nynorskforlaget Samlaget tidlegare i år. Boka har fått mykje omtale i media og Ingvill tek med seg både ris og ros i det vidare arbeidet som forfattar. For ho har ikkje tenkte å gje seg med denne eine utgjevinga. Eit nytt manus er under utvikling.

Vi møter Ingvill i heimen hennar i Sykkylven. Her på Hjellane har ho fritt utsyn over sentrum i kommunen og over til andre sida av fjorden. Her er vegar, hamner, bedrifter og heimar i eit tilsynelatande velorganisert samfunn. Og ein mektig fjell-natur omkransar det heile. Det er dette Ingvill kallar heimstaden sin.

## Språk og identitet

At ho er heime i Sykkylven høyrer kanskje rart ut for dei som ikkje kjenner henne, for Ingvill talar ikkje heilt som ho skriv. Språket ho snakkar er austlandsk, slik det alltid har vore, sjølv om ho er fødd og oppvaksen i Sykkylven. Foreldra er frå Austlandet - far, Rolf Haxthow, frå Bærum og mor, Marit Kjærstein, frå Valdres, om lag der vasskiljet mellom aust og vest i landet går. Foreldra må truleg ta ansvaret for det språklege «avviket» til dottera. No bur Ingvill i Oslo der ho vil prøve å livnære seg av pennen og lap-toppen sin.

I hovudstaden blir ho sett på som ei frå bygda. For å gjere det lettare for folk å plassere henne, og for ikkje å gje folk feil forventningar til kven ho er og kva ho kan, har ho byrja å leggje meir om til dialekt, særleg i profesjonelle settingar, der språk er relevant. Ho vil gjerne sleppe spørsmål om kvifor ho skriv nynorsk heller enn på bokmål. Den indre språklege forvirringa kan vere til frustrasjon, men gir også inspirasjon til skrivinga. Forholdet mellom tale, skrift og tilhøyrslar er tema som blir tatt opp i romandebuten, og kjem også til å vere relevant i bok nummer to, sjølv om handlinga og settinga er ein heilt annan.

## Snarvegane i skogen

Dei av oss som har følgd Ingvill gjennom oppveksten er ikkje forundra over at ho

enda opp som forfattar og skribent. Bøker har vore ein sentral del av livet hennar så langt tilbake som ho kan hugse:

-Då eg gjekk på ungdomsskulen, kunne eg og ei venninne sitje i friminutta og lese i ei bok. *Den mørke materien*-bøkene til Philip Pullman var blant dei det var vanskeleg å leggje frå seg. Eg var svært nysgjerrig på språk, og eg hugsar at eg var misunneleg på jamaldringar andre stader som kunne velje mellom fleire framandspråk på skulen, til dømes spansk. Eg vart tidleg interessert i japansk, og då eg gjekk på ungdomsskulen kjøpte eg eit svensk japansk-kurs på kassetar. Dette var heilt på slutten av kassett-tida, men i byrjinga av internett-alderen. Difor var det greitt å søkje etter slike hjelpemiddel og elles orientere seg nokså fritt i den store verda utanfor bygdesamfunnet.

*-Korleis var det for deg å vekse opp i Sykkylven?*

-Eg opplevde miljøet her som trygt og inkluderande. Dei første seks åra budde vi i eit rekkehus i Skogvegen. Her var det sosialt med mange ungar i nabolaget.

Då eg skulle byrje i andre klasse, flytte vi opp til Hjellane, i ein privatbustad der. Der var det færre

som budde og få born. Men eg byrja på Ullavik skule, og med små klasser vart det lett å få venner. Også her vart eg hjulpet av teknologien. Eg fekk tidleg mobiltelefon, og med den kunne eg sende melding om at eg vart med venninner heim etter skulen. Eller eg tok venninner med heim. Det var eit stykke å gå heilt opp til Hjellane. Eg vart ekspert på stiane gjennom skogen, og det hende også at eg laga endå raskare snarvegar.

## Godt skulemiljø

Sykkylven kunne vere eit alternativ, men det passa dårleg for Ingvill. Ho har aldri vore fascinert av fart og spenning på det fysiske planet. Ho flytte opp til Hjellane nett då det var aktuelt å ta dei første prøvande sykkeltråkka. Her var det knapt flate vegar å øve på. Bakken kom brått. Det var tryggast å ha beina på jorda. Difor vart det lange turar til og frå, og god tid til å reflektere over smått og stort. Då det var lite trafikk på vegen, kunne ho ofte gå og lese bok samtidig.

Ingvill opplevde ikkje å føle seg utanfor i oppveksten, sjølv om den sterke bokinteressa skilde henne frå dei fleste andre. Ho opplevde at det ikkje var så kult å sitje med bøker i fanget. Det var andre aktivitetar som gav meir status. Dette snudde til ein viss grad då ho kom over til vidaregåande skule. Her var det fleire som hadde kunnskapstørst. Ho vurderte ei tid å gå på vidaregåande skule i Ålesund, men ho valde nærskulen, Sykkylven vidaregåande skule, og angra ikkje på det. Det sosiale



*Ingvill sit godt i ein Ekstrem-stol på Møbelmuseet. Ein slik stol kan eg tenke meg, seier Ingvill, som har barndomsminne frå museet der designarmor, Marit, hjelpte til med utstillingar. Design Ekstrem: Terje Ekstrøm. Produsent: Hjellegjerde/Stokke/Variér. (Foto: Eldar Høidal.)*



*Ingvill og mor Marit Kjærstein heime på Hjellane. Her budde Ingvill frå ho var seks år til ho flytte til Bergen for å studere i 2012. (Foto: Eldar Høidal.)*



Bilete frå avslutningsseremonien for mastergraden til Ingvill ved Osaka Universitet i 2019. Vertsmøra hennar kledde Ingvill i «hakama»-kjole, som er vanleg for slike seremoniar. Foto: Privat.

miljøet ved skulen var svært godt. Studieretninga gav seg sjølv så lenge ho var så interessert i språk og litteratur. Det var også greitt å sleppe å få far Rolf til lærar. Han underviste i realfag ved skulen.

### Stor tillit

Interessa for Japan og japansk minka ikkje med åra, så det andre året på vidaregåande gjekk ho på skule i Japan. Sjølv om ho berre var 17 år, fann ho seg godt til rette i eit framand miljø. Ho var heldig med vertsfamilien og vart inkludert som eit barn i familien. - Japan er eit tillitsbasert samfunn, seier Ingvill. Ho fekk husnøkkelene av familien og kunne kome og gå som ho ville. Husnøkkelen fekk ho med då studieåret var omme, og ho har ståande invitasjon til å kome når ho vil. Ho var på besøk hos familien tidlegare i år. Då hadde ho diverre lagt nøkkelen igjen heime. Etter fullført vidaregåande skule i 2012, flytte Ingvill til Bergen for å studere japansk språk. Under studiet var ho tilbake på utveksling i Japan, denne gongen i Kyoto, der handlinga til romanen er lagt. Etter fullført bachelorgrad tok ho heile mastergraden sin ved eit japansk universitet som statsstipendiat gjennom det japanske kulturdepartementet. Desse lengre opphalda gav henne godt innblikk i både kultur og daglegliv i landet.

*-Var det godt samsvar mellom det du trudde om Japan på førehand og det du har opplevd under mange opphald i landet?*

-Fascinasjonen for landet er der framleis, men med meir kunnskap vert sjølv-sagt også biletet meir nyansert. Noko av det mest sympatiske med Japan er at folk har så stor tillit til kvarandre. Når du er på ein utestad, kan du leggje igjen mobiltelefonen på bordet for å markere at dette er din plass. Mobilen ligg der når du kjem attende. Det har nok mykje med oppsedinga å gjere. Japanarane lærer tidleg korleis dei skal oppføre seg og det er nokså strenge sosiale reglar dei må halde seg til. Bryt nokon reglane, kan dei bli nokså hardt sanksjonerte av miljøet rundt seg. Dette utviklar ei sterk samvitskjensle og skam om nokon gjer noko som ikkje er akseptert. Ingen vil hamne på utsida av det tette og nokså homogene samfunnet.

### Heimeverande kvinner

Ei anna side ved den japanske omgangsforma som folk som kjem utanfrå raskt merker, er den nesten sjølvutslettande høflegheita. Det vi ser på som høflegheitsfraser og formalisme er normal omgangsform i Japan. Til dømes bruker japanarane å unnskylde sine manglande kunnskapar i kommunikasjon. Dei påstår at dei ikkje kan noko som helst, medan samtalepartnaren er svært flink. Til å byrje med spelte Ingvill med i dette ritualet og snakka seg sjølv ned når folk skrytte av kor flink ho var å snakke japansk. No har ho slutta å seie at ho kan lite, og byrja å svare: Takk! Med det avslører ho at ho ikkje er japansk fullt ut. Men ho vert tilgjeven så lenge ho både ser og høyrer ut som ein utlending.

Under masterstudia var ho inne på tanken at ho kunne bli verande i Japan og arbeide der. Med universitetsutdanning er yrkesvegane opne i alle retningar. Mange med humanistiske utdanningar arbeider høgt oppe i næringslivet. Men Ingvill slo denne karrierevegen frå seg. Det hadde mellom anna samanheng med japanarane sitt syn på kvinner i yrkeslivet. Stort sett alle i Japan tek høgare utdanning, kvinner og menn. Men det er mykje lettare å vere yrkesaktiv som mann enn som kvinne,

særleg om ein har familie. Mange kvinner opplever å bli pressa ut av arbeidslivet etter at dei får barn. Ingvill var ikkje freista til å kjempe for rettar som formødrene hennar for lengst har vunne fram med i Noreg.

### Redaktør og omsetjar

Kampen for likestilling mellom kjønna er ikkje ført til endes i Noreg heller. Ingvill kallar seg feminist og er for tida redaktør i det feministiske tidsskriftet Fett. Dette er ein deltidsjobb som skaffar henne faste inntekter gjennom året. Yrket som skjønnlitterær forfattar er ikkje mykje å leve av, då er det meir å hente som omsetjar. For tida er ho i ferd med å omsetje ein roman frå japansk til norsk: *År med venting* (The waiting years) av Fumiko Enchi. Ho var elles heldig å få eit omsetjarstipend nyleg, noko som har bidrege til at økonomien er nokså trygg for tida, og at ho kan fokusere meir på omsetjararbeidet.

Ingvill har ofte turar heim igjen til Sykkylven, og på enkelte område merkar ho endringar til det betre. For ein bokelskar er det naturleg å søkje til biblioteket. Ho er svært begeistra for flyttinga av biblioteket frå andre høgda i Welle-bygget til nye lokale på gateplan i bygget som tidlegare husa sparebanken.

– Det var ikkje noko å seie på velvilja til dei som arbeidde i det gamle biblioteket, men plasseringa var mindre innbydande enn dei opne og varme lokala ein har fått i dag. Dette viser at kommunen ønskjer å satse på biblioteket og å leggje til rette for leselyst både for born og vaksne. Det sender eit signal til folk om at bøker og kunnskapar er viktige. Slikt heier eg på, seier Ingvill Kjærstein.

*-Kan det vere aktuelt for deg å flytte tilbake til Sykkylven ein gong?*

-Eg trivst i det sunnmørske landskapet og kan godt tenkje meg å flytte tilbake. Men då vert det vel helst til den næraste byen, Ålesund. Eg liker godt det som byar har å by på! Elles er eg ikkje så oppteken av bustadadressa. Når eg trivst med det eg gjer, og det sosiale klaffar, kan eg vere kvar som helst. Men når nokon spør, så kjem ho frå Sykkylven!



Framsida til boka Austvestpassasjen som Ingvill Kjærstein gav ut på Samlaget tidlegare i år.

## Sayonara Sykkylven!

Mangeårig bokmeldar i NRK, Marta Norheim, er blant dei som har omtala debutboka til Ingvill Kjærstein, Austvestpassasjen. Her er eit utdrag av omtalen i Morgenbladet under tittelen Sayonara Sykkylven!:

[Ingvill Kjærstein] har eit uvanleg godt språk, som mang ein debutant kan misunne henne. Det er presist, det fangar detaljen, har blikk for det komiske i dei små situasjonane, og det formidlar kunnskap om daglegliv i Japan i bisetningar. Og ettersom språket er sjølve grunnlaget for ein forfattar, er det all grunn til å følge Kjærstein vidare i forfatterskapet.



Ingvill legg gjerne turen innom biblioteket når ho er i Sykkylven. Manuel Navarro, t.v., har arbeidd ved biblioteket sidan 1992 og hugsar Ingvill som ein ivrig låntakar. Biblioteksjef Helen Seth ser fram til at Ingvill kjem til Sykkylven for å presentere debutromanen sin. (Foto: Eldar Høidal.)

## Dialekt og lydar på sotteseng

Av Geir Tandstad

**Det er velkjent at det er både mange og ganske ulike dialekter i Noreg. Her i bygda snakkar vi sykkylvsdialekt, ei av sunnmørsdialektene. Men gjer vi eigentleg det, framleis – er det vanleg å høyre folk med stødige dialektbruk no? Mange, ja, dei fleste av dei viktige kjenneteikna til sykkylvsdialekta, slik ho mellom anna er skildra og omtalt i det som finst av skriftlege kjelder, er nemleg på veg ut eller omtrent borte i dag.**

Sjølvsagt er det enkle og naturlege forklaringar på dette, som heller ikkje er eit fenomen særskilt for akkurat vår dialekt. Samfunnsutviklinga siste halve hundreåret, med alle endringar i livet til folk, er avgjerande for det munnlege språket vi nyttar. Til dels er det òg situasjonsbestemt; til kva og kven vi brukar det. Det eg vil kalle *restane av sykkylvsdialekta*, høyrer vi no mest av hos godt vaksne og eldre folk med lange familierøter i bygda – gjerne frå ein sokalla utkant, med mykje av levd liv der.

Her skal eg ta ein liten gjennomgang av slike kjenneteikn og målmerke som ein knapt høyrer i bruk lenger i det vanlege talemålet til dei yngre i Sykkylven, samt i varierende og sterkt minkande grad elles, hos vaksne.

### Grammatikk

Det er særleg to grammatiske trekk som er i oppløysing og på veg ut:

**dativ** – bruken av denne kasusen til bøying av *substantiv*, i alle tre kjønna og fleirtal – døme: uti *båta*, midt i *bakkjå* – neri *sengjinnje* – innji *husa* – på *tøppå*, (t)i *bøkkå*, uppi *fjelljå*. Dativ-kasusen vart dessutan brukt i mange pronomen, som er på veg ut no: *hånå/nå* (honom – no: han), *hinnje/nje/ne* (henne – no: ho) «Kur det e' med *dissa fota dinå*?» spurde bestemor mi (d. 1980), då eg ein gong var låk i eine foten (jf. tysk: mit – dativpreposisjon). Ho kunne òg seie dette: «Dei likjest ikkje *svinå*, so' likjest *sinå* (jf. tysk: gleichen – dativverb).

Før var det altso tydelegare slektskap med kasusbruken i både det norrøne språket og andre germanske språk, særleg tysk. **svarabhaktivokal** – ein ekstravokal i enden av sterke *verb* i presens, og like eins i enden av sterke *adjektiv* i hankjønn og hokjønn – døme (her skriven slik: -e):

Det *ligg-e* ei *fin-e* bok og enj *ny-e* blyant framføre mej.



**Geir Tandstad**  
fødd 1955, har vore lærar ved Sykkylven ungdomsskule, Velledalen skule og Tandstad skule og gardbrukar på heimegarden på Tandstad.

## Lydar

Det er ei tydeleg utvikling i det fonetiske, med *forenkling* og *normalisering* som fellestrekk:

*klangskifte* – i mange ord blir vokalen i ordstammen bytt ut med ein annan (og rådande) vokal, eller vokalar brukte i t.d. sterk verbbøying blir forandra. Det er fleire typiske døme på slike klart normative endringar, men eg nemner særleg to av dei:

ø – å (o): *øss*, *døkke*, *nøkinj*, *tøpp*, *tøle* – no: *oss*, *dokke*, *nok(k)en*, *topp*, *tole* (o: med å-lyd)

y – ø: *fylgje*, *ynskje*, *syndag*, *brynnj*, *fysste* – no: *følge*, *ønske*, *søndag*, *brønn*, *første*

*omlyd* – det var meir bruk av og variasjon i omlydar i fleirtal av substantiv før (jf. tysk):

son – *sæne'*, mor – *mære'*, saks – *søkse'*, blad – *blød*, lass – *løss*, merr – *mara'*, sund – *synd*

*skj-lyden* – før høyrdest kj-lyden tydeleg uttalt òg rett bak/i overgang frå s-en. No er det i staden ein sj-lyd som er vanleg å høyre i uttalen av slike ord, – døme:

*skjorte*, *skjerm*, *skji*, *skjyte*, *skjei* – no: *sjorte*, *sjerm*, *sji*, *sjyte*, *sjei*

*ÿ-lyden* – ein spesiell variant av y-lyden har vore i bruk i somme ord i dialekta vår, der y-en er opnare og tenderer mot ø-lyd (ÿ i skrifta her): *dÿn* (bulder, drøn) – *hÿl* (kulp) – *fÿrdags* (forgårs) – *fÿ'nn* (før enn) – *bÿre* (stort trekjørel)

*palatalisering* – (palatum: den fremre, harde ganen) ein j-lyd i uttalen av, eller saman med/bak nokre av konsonantane – døme: *allje mannj* (alle mann), *valj* (val(g)), *denj* (den), *minj* (min), *dinnje* (denne), *ej*, *dej* (eg, deg)

Ein særmerkt og karakteristisk lyd som har vore vanleg i somme ord, skal få litt ekstra omtale. Det er ein klanglaus lyd, ein konsonantkombinasjon både reint fonetisk og skriftleg:

*hlj-lyden* – ein slags «støylyd»; ein *pustelyd* (i språklydlæra: spirant) og *friksjonslyd* (frikativ), der tunga i «omtrent j-posisjon» (palatalt) sperrar for utpusten, som passerer mellom tunga og «slappe kjakar» (kanskje mest på eiane sida – berre å øve!)

Denne lyden førekjem i *ord med -tl- og -sl-* i *skriftforma*. Her er nokre av dei mest brukte og seiglive orda med *hlj*-uttale i dialekta vår (i parentes: skriftlege former no):

*brehlje*: (breisle) noko som er breitt utover, t.d. høy, sengeklede  
*fahlje*: (fatle, fasle) støtte, forbinde/-ing, trekanttpørkle festa rundt halsen for skadd arm

*fehljeng*: (fetling) utkant, rest; ringaste delen av noko (t.d. eit jordstykke, ei dyrehud)

*fihlje*: (fitle) fikle, fingre, pusle med

*hahlj*: (hassel) hasletre

*ihlje*: (litle) vesle

*kjehlje*: (kjetle, kisle) føde kattungar

*krihlje*: (krisle, kitle) klø, kile, kite

*kvihlj*: (kvissel) holme/banke der ei elv deler seg

*køhlje*: plundre, plagast med å få til (gjerne eit vanskeleg og småstilt arbeid)

*nårehlje*: (nårisle) helveteseld, «dødsrisling» (jf. nåbleik: døds-/likbleik)

*potetsnuhlj*: rar, vanskapt potet; taparen i potetopptakinga fekk denne «skampremien»

*suhlje*: (susle, sutle) plaske, søle, skøle, tøyse, vase

*tuhlje*: (tutle) arbeidsøkt, innsats, dyst, irttesetting

## Trykk og tonelag

Det har vore vanleg å uttale enkelte ord med *omvendt trykk og tonelag* av norma, med hovudtrykket på fyrste stavinga i staden for siste/seinare staving (i døma her: feit kursivskrift i vokalen med trykk):

*spesielt* (norm: *spesielt*) – *bensin* – *måskjinå* – *æventyr* – *begynde* – *fabrekk* – *solid* – *aviså*

## Ordtilfanget

Kanskje er det rett å hevde at ordtilfanget har endra seg mest av alt. Det ser ein ved å lese i den alfabetiske lista i *dialektordboka* vår, med ordforklaringar og døme på bruk (sjå kjeldetilvisinga). Mange ord og uttrykk som var vanlege og viktige før, til presis og variert bruk i ulike samanhengar, er det no ikkje lenger bruk for i eit moderne samfunn. Andre går i gløymeboka sjølv om dei kunne ha gjort talemålet vårt, særleg ordforrådet, rikare.

## Sluttkommentar

Tida går, og vi omtalar henne som fortid, notid og framtid. Det er sjølv sagt opp til kvar og ein å meine sitt om mangt og mykje. Kva ein legg i omgrepet «*sykkjels-/sykkjølvsdialekta*» og vurderer det i eit tidsperspektiv, er soleis eit ope spørsmål. Eg har mi meining.

## Kjelder:

«*Ord og uttrykk i Sykkylven*» – Jan Grebstad (red.), Thomas Vinje m. fl. (Sykkylven Sogenemnd, 1999).

*Munnlege kjelder* – eigne observasjonar, særleg frå eldre generasjonar i familie, slekt, nabolag og omgangskrins elles.



# Biletkavalkaden 2024

Ved Monica Aure Fallingen og medarbeidarar i Nyss. Her er nokre glimt med små og store hendingar i året som gjekk, henta frå lokalavisa Nyss sitt fotoarkiv.



Ole Straumsheim hos Straumsheim Glass og Fasade fortalde at selskapet hadde rekordomsetnad med 69 millionar kroner i året som gjekk, og ein ordreserve på rundt 36 millionar kroner då Nyss møtte han i januar. Det er nok å gjere ei god stund framover, smilte han. Foto: Even Ørjasæter.



Det var meldt om fleire skader kring i vårt område i slutten av årets første månad. Tre velta, tak vart øydelagd og gjenstandar fauk gjennom lufta. Geir Ove Kveen i Storgata fekk fleire knuste ruter på arbeidsbilen, den var full i glasskår, fekk bulkar og var ru av sandblåsinga på eine sida. To av privatbilane til Kveen og familien fekk også skadar. Foto: Monica Aure Fallingen.



Påskefjellet viste seg på sitt vakraste rett før påske, og folket strøymde til fjells. Nyss møtte tøffingane Peik Ulla Kvalsund (5) og Frida Støylen Trandal (4) som var på veg opp til ein ny runde i T-trekket på Fjellsætra. – Eg mista ei tann oppe i trekket i dag, fortalde Peik til journalisten. Foto: Monica Aure Fallingen.



I april hadde Nyss rus som tema, og laga ulike saker i høve dette. Anette Aas (30) fortalde om korleis ho hamna i eit rusbelasta miljø, der ho kjende seg inkludert og akseptert. Ho starta med hasj, og heldt fram med tablettar, amfetamin og så sterkare stoff. Med stor stå-på-vilje og støtte frå sine næraste, samt at ho blei gravid, kom ho seg ut av det. Foto: Amanda Stave.



Frøde Tandstad fekk den brutale beskjeden om at han er ulækjeleg sjuk. Ei samling på rundt 40 personar frå venegjengen hans kjende seg hjelpelause og ville gjere noko for å skaffe midlar til forskning. Dei starta Aksjon håp og laga til arrangement til inntekt for saka, først Afternoon tea i Berlihuset og seinare ein stor konsert med Roger Waters-klubben i spissen. Foto: Monica Aure Fallingen.



Konradløpet, som Velledalen IL står bak, har lange tradisjonar for å samle mange morgonfriskusar klokka fem om morgonen 1. mai. Det er over 20 år sidan det første Konradløpet gjekk av stabelen, for å ære minnet til Konrad Brunstad, eller Mons-Konrad, som han vart kalla. Kvelden før var det også Mini-Konradløp for barna. Foto: Monica Aure Fallingen.



I juni tok Sykkylvsdagane steget ut frå Storhallen og ned til kaiområdet i sentrum. Der var det ordna med stor utescene, og på programmet var det Adam Douglas, Halva Priset, Rossman og El Papi. Det yrte av liv heile kvelden, og ein av dei som hadde teke turen var Robin André Østrem Rotnes. Foto: Amanda Stave.



I august var det duka for premiere på konserten «A Tribute to Queen – heile Sunnmøre syng» i Sykkylven kulturhus. Det blei ei flott oppleving. Spesielt Unni Haram og Åge Sten Nilsen si framføring av «Barcelona» vil nok bli hugsa lenge. Foto: Christine Fohlin Verneland.



Ein av dei som overlevde forliset med Titanic var Olaus Abelseth som hadde mor frå Sykkylven. I sommar snakka Nyss med Nils-Agnar Klock. Han og søstera Unni Klock Rasmussen har fått høyre historia om slektningane på Titanic opp gjennom oppveksten, og Nils-Agnar har forska vidare på det han fekk fortalt. Foto: Privat.



Det har blitt arrangert ølfestival i Sykkylven fleire gonger, men det var stille nokre år grunna koronapandemien. Men i september var det laga til arrangement igjen, med over 200 besøkande og i alt 15 heimebryggarar samla på Næringsfabrikken. Jarle Strømmegjerde var konferansier for kvelden, og nytta høvet til å intervjuje ordførar Olav Harald Ulstein om kva øl han likte best. Foto: Even Ørjasæter.



I september fortalde dagleg leiar og butikksjef Olav Fjællingsdal at butikkdrifta ved Circle K i Sykkylven blir avvikla til nyttår. Han peika på at daglegvarebutikkane har utvida opningstidene og at folk har endra kjøpemønster etter pandemien. Foto: Christine Fohlin Verneland.



Uroa rundt legetenesta i Sykkylven, med fastlegar og vikarar som har «gått i svingdør», har vore der i mange år. Svært mange blant bygdefolket er svært uroa. I august kom gladmeldinga frå Sykkylven kommune, om at det no vert full fastlegedekning, etter at seks nye blei tilsette i løpet av eit drygt år. Einings-leiar ved Sykkylven legesenter, Gulay Kar, var godt nøgd med at ein no var over i ein stabiliseringsfase. Foto: Monica Aure Fallingen.



**Erling Ekornes**  
fødd 1948 og oppvaksen på Ola-garden på Ikornnes. Etter marknadsføringskule vart han tilsett med ansvar for reklame av onkelen, Jens E. Ekornes. Frå 40-års alder advokat i Ålesund. Han har dyrka måleri og foto som hobby frå unge år, ei interesse han delte med faren, Leif. Som pensjonist og etter å ha blitt enkemann i 2014 har han konsentrert seg om landskapsfoto. Han har budd på ålesundsida av Storfjorden sidan 1980-talet, med utsyn til heimbygda.

Alle foto: Erling Ekornes.

# Med auge for landskap

Av Erling Ekornes

**- Eg er glad i naturen her i heimfylket. Landskapet her vekslar stort. Vêret og lyset er skiftande og spennande. Foto er min lidenskap, helst av mest mogleg urørt natur.**

Erfaring frå måleri var mitt innsteg i foto. Eg oppdaga etter kvart at det digitale kan gi meg rikt rom til å uttrykke meg kunstnarleg, på liknande måte som gjennom måling. Meistermålerane i landskap var opptatt av stemningar – lys og skugge. Eg er inspirert av kunsten, og særleg 1800-talskunsten, når eg skaper mine foto. Eg kjenner meg litt som ein nasjonalromantikar.

## Med lidenskap for naturen

Oppveksten min hadde eg med Straumshornet, Trollkyrkja, Skopphornet og Hammarsettindane nært i synsrande. Naturen her har prega meg. Det er ein livslang kjærleik. No, i over 40 år, har eg budd på hi sida av Storfjorden, med utsyn heim mot fjella i Sykkylven.



Sommerkveld ved Solevågen. Utsyn mot Hjørundfjorden.



Erling i Gimsdalen, midt på bildet ser vi Hindaholen.

Interessa for natur har eg delt med min far, Leif. Han dyrka måling som hobby, og foto òg. Av han lærte eg det grunnleggande. Eg kunne blitt målar. I staden blei det reklame og seinare jus. Som pensjonert advokat vier eg meg til foto no. Eit foto er ikkje ferdig i det eg trykkjer på utløysaren. Eg arbeider vidare med bilda digitalt med dataverktøy. Resultatet kan eg få til å likne eit måleri, om eg det vil.

Fotogleda mi er på mange måtar eit biprodukt av naturopplevingane eg får ute. Eg har gode stunder ved datamaskinen òg, når eg går igjennom og arbeider vidare med det eg har fått festa til minnebrikka på tur.

Skrivegleda mi er kan hende utløyst av naturopplevingane. Dei har nok elska fram ei lyrisk åre i meg. Det kan resultere i dikt, som dette: «Eg ser mot avglansen». Fotoet eg knyter det til er tatt ein Sankthanskveld under Trollveggen, med avglansen i tindane, etter at sola var gått ned.

Også mine onklar Jens og Martin Ekornes hadde glede av å skrive lyrikk, veit eg. Den arven får eg freiste ta opp òg.

Regnbogemotiv, sommarsolverv mot Sykkylvsfjella frå Flisneset.



## EG SER MOT AVGLANSEN

I dalbotnen, nedunder fjellveggen,  
der skuggane kviler,  
står eg og skodar opp  
mot steile tindar i himmelrande.  
I kveldsol strekkjer dei seg fritt,  
på rekkje, med sine spir, liksom på vakt  
og klare til strid.  
Dei taler om tider, då jorda var ung,  
og dei vart oppreist, kraftfullt og tungt.

Liten kjenner eg meg her i naturen sitt djup.  
Der er som andedrag, ein pust, i kvart eit fjell,  
Dei fortel sine soger om det berre dei kan vite.  
Urokkelege, uforgjengelege, vil dei stå der støtt  
trass i tida sin gang, og rage høgt mot himmelsjå.  
Her i kveldblå ro ser tindane mot avglansen.  
Vent no berre. Det vil eg gjere òg ---

Erling Ekornes

Trollveggen

# Gamle-Hjortdalen og andre slåttmakarar i Velledalen

Av Ole Jostein Fet

Det er i år 140 år sidan spelemannen og slåttmakaren Gamle-Hjortdalen døydde. Lars Petter Knutsen Hjorthol, som han eigentleg heitte, har laga ei rekkje slåttar som har vorte mykje spela av spelemenn både her i distriktet og i resten av landet.

Lars Petter Hjorthol vart fødd i 1803. Han vaks opp på Hjorthol, og var odelsgut i Pe-garden. Han var den første i rekkja av fleire spelemenn med røter i Velledalen. Det finst diverre ikkje noko bilete av Gamle-Hjortdalen. Han har likevel sett spor etter seg på andre måtar i folkemusikkmiljøet.

Hendingar i livet skulle syne at Lars Petter Hjorthol var ein sær sars heimekjær kar. Dette viser eit møte han hadde med Ole Bull i Ålesund. Det finst mange versjonar av dette møtet, då han fekk tilbod frå Ole Bull om å vere med på ein konsertturne som Bull skulle ha i Amerika. For om lag 90 år sidan skreiv Peter Jøsvold det slik:

## Kola-guten

«Det er fortalt at Gamle-Hjortdalen spilte for Ole Bull en gang. En dag i fisketiden traff han Ole Bull på en kremmerbod i Ålesund. Hjortdal ble nysgjerrig da han fikk se fremmedkaren si fele som lå på disken. Han klunket med fingrene over strengene, men fela var nok ikke stemt som han ville. Fremmedkaren spurte om fiskeren (Gamle-Hjortdalen dreiv med vinterfiske) kunne spille, og bad ham stille fela som han ville. Fela fikk da kola-stillet, og snart lydde springaren Kola-guten. Ole Bull stod smilende interessert og hørte på. For nå spilte han slått etter slått.»  
«Da han sluttet, vilde fremmedkaren

Bautaen etter Gamle-Hjortdalen, som er reist ved grendahuset i Velledalen. Det finst diverre ikkje noko bilete av Lars Petter Knutsen Hjorthol, som var hans fulle namn.



*Ole Jostein Fet, fødd 1955. Pensjonist. Arbeidde i 20 år som journalist og om lag like lenge som lærar. I tillegg dreiv han sauebruk på Fet i 30 år. Han er medlem av årbokredaksjonen.*



Rime-Ole, Ole Knutsen Lade vart fødd i 1860, og var ein av mange dugande spelemenn i Velledalen på 1800-talet og framover 1900-talet.

*snakke mere med Hjortedalen. Ole Bull vilde ha han med seg på konsertreise. Men Hjortedalen kunne ikke tenke seg å reise fra heimen sin. Fremmedkaren fortalte da at han var Ole Bull...»*

Ja, han var heimekjær, Gamle-Hjortedalen. Som så mange andre i byrjinga av 1800-talet sat han nokså trøgt i det økonomisk. Samstundes som han var gardbrukar i Velledalen, dreiv han fiske vinterstid. Dette livet ville han ikkje ofre til fordel for konsertturne til Amerika.

Alt i dei tidlege guteåra vart interessa for musikk og felespel vekt. Historia fortel at Gamle-Hjortedalen spelte til bryllaup før han var ti år gamal. Fram gjennom ungdomsåra vart han ein dugande spelemann, som ofte vart nytta som spelemann i bryllaup og andre samkomer.

Dei første slåttane lærte han sannsynlegvis av Hans Jakub Nericarda, som var fødd så tidleg som i 1785. Også han var frå Sykkylven.

### Stor slåttespelar

Gamle-Hjortedalen skulle sjølv kome til å bli ein stor slåttmakar. Rime-karane, som dei skulle bli kalla, Knut og Ole Lade, skulle føre mange av slåttane til Gamle-Hjortedalen vidare. Rime-Knut, Knut Olsen Haugset, vart fødd i 1840. Sonen Ole Knutsen Lade vart fødd i 1860. Begge var dugande spelemenn som førte arven etter Gamle-Hjortedalen vidare. Gamle-Hjortedalen var onkelen til Knut, og både Knut og Ole vart dugande felespelarar og slåttmakarar.

Takka vere eit samarbeid mellom Trygve Straume og Sverre Aurdal, har ein i dag mange slåttar etter Gamle-Hjortedalen. Like eins spelte spelemannen Harald Løddøen i Velledalen inn mange av slåttane til Gamle-Hjortedalen og Rime-karane på band. Karl Nakkeberg og Johan J. Brunstad skreiv også ned mange slåttar. Velledalen spelemannslag, som vart skipa tidleg på 1980-talet, bar slåttane vidare.

### Velledalen spelemannslag

Arne Fedt, fødd i 1922, var ei av eldsjelene som skipa Velledalen spelemannslag i 1982. Han var busett på Stranda og fortalde til underteikna at føremålet med danninga av spelemannslaget var å presentere gamal slåttemusikk frå Sykkylven på dei årlege kappleikane fylkeskappleiken, distriktsskappleiken og landskappleiken. På desse kappleikane var det berre dei eldste slåtteformene som springar, bruremarsj, halling og gamal-vals ein kunne spele. Vi må difor tilbake til dei eldste spelemannstradisjonane i bygda. Dette er slåttar av Gamle-Hjortedalen, Rime-karane, Hans Jakup Nericara og Høgset-Bernt, fortalde Arne Fedt den gongen.



Medlemmene i Velledalen spelemannslag var spelemenn og -kvinner med tilknytning til Sykkylven og Velledalen. Få år etter skipinga stod spelemannslaget som arrangør for ei av dei største folkemusikkmønstringane på Sunnmøre, då fylkeskappleiken for Møre og Romsdal vart arrangert i Velledalen.

*Velledalen spelemannslag hadde si glanstid på 1980- og 1990-talet: Frå venstre Arne Fedt, Per Flaaen, Kristin Fedt, Kjellaug Kvammen, Tone Fedt, ukjend, Olav Fet. (Foto: Ukjend)*

### Tonar frå naturen

Kva er det som særmerkjer slåttane til Gamle-Hjortedalen? Han vaks opp under dei blåkvite Velledalsfjella. Han henta nok mykje av inspirasjonen frå naturen rundt seg. Vi kjenner vel alle til spelemannen og fossegrimen. I nær kontakt med naturen kunne spelemannen sitje og øve på gamle og nye slåttar. I tonane frå naturen, frå foss og elv, kunne han hente ideane sine. Ein ny slått vart forma.

Det var nok kanskje slik med Gamle-Hjortedalen også. I springaren «Gamle-Hjortedalen» og i «Syngjaren» finn vi desse tonane frå den sunnmørske naturen. Særleg i den siste springaren finn ein mange fellestrekk med fjella, breane og fossane. Ein kan nærast sjå for seg spelemenn som sit på ein av dei mange toppane og let slåttetonane strøyme over landskapet.

Mange av slåttane til Gamle-Hjortedalen går i moll. Truleg heng det sorgtunge innslaget saman med at mykje av folkemusikken gjekk i moll, noko som truleg også påverka slåttemusikken. Ikkje berre hos Gamle-Hjortedalen, men også i slåttar frå resten av landet.

Situasjonen som mange spelemenn var i spelte kanskje også inn. Spelemannen var ofte ein einsam kar der han sat og spelte og såg dei andre kaste seg ut i dansen. Kanskje var han forelska i ei jente som ein annan gut tok med seg ut på dansegolv. Sjølv måtte han spele. Han gav kanskje uttrykk for kjenslene sine gjennom musikken; han drog opp ein springar i moll.



Velledalen spelemannslag arrangerte fylkeskappleiken i 1990.

### Påverka slåttekulturen

Slåttemusikken til den gamle spelemannen frå Velledalen har hatt mykje å seie for slåttemusikken kring om i distriktet. Han var eit naturtalent, og slåttemusikktradisjonen på Nordvestlandet ville vore mykje fattigare viss Gamle-Hjortdalen hadde prioritert eit konsertliv saman med Ole Bull framfor gardsdrift, vinterfiske og slåttemusikk her heime.

Gamle-Hjortdalen var den første av fleire framifrå spelemenn i Velledalen. Rime-Knut og Rime-Ole, far og son frå Rimen på La er allereie nemnt. Begge to hadde musikken i blodet, etter som Gamle-Hjortdalen var onkelen til Knut på morssida. Både Rime-Knut og Rime-Ole vart kjende spelemenn. Dei spelte mykje i bryllaup og til andre tilstellingar, både her i bygda og kring om på andre stadar på Nordvestlandet.

### Slåttemakar på klarinett

Ein annan spelemann og slåttemakar er Nakke-Petter, eller Petter Nicolaisen Blindheim, som han heitte då han gifte seg til Nakken på Hole. Nakke-Petter var ein dugande klarinettist, som også har sett spor etter seg.

Han vart fødd i 1847, og var såleis om lag jamaldra med Rime-Knut. I dag kan vi finne noko av musikken hans på strøymetenesta Spotify. Mellom anna er Bruremarsj etter Nakke-Petter lagt ut der.

Nordlendingar, troms væringar og finnmarkingar...

## Nord Norge-foreininga i Sykkylven

Kjell Ole Løseth

**I februar 1978 – på samfunnshuset i Sykkylven - ønskte Berth Wilhelmssen frå Lavangen i Troms velkomen til skipingsmøte for å opprette ei Nord Norge-foreining i bygda. Det møtte om lag 200 personar, og på førehand hadde 140 meldt seg som medlemmer. Jan E. Kvalvik, som var kommunekasserar på den tida, leia møtet. Han las opp formålet til foreininga: «å samle de i Sykkylven og omegn bosatte kvinner og menn født i Nord Norge, til humanitært arbeid, kameratslig samvær, samt utbre kjennskap til det nordlige Norge»**

Det var Magnus Karlsen frå Gryllefjord på Senja som var initiativtakar til foreininga saman med eit interimsstyre. Ålesund hadde allereie ei slik foreining som var «modell» for dei.

Frå 1940-50 talet og utover kom minst 200 personar (kvinner og menn) frå Nord-Norge til Sykkylven. Her var det arbeid å få i industrien, jordbruket og i skuleverket. Ein kan trygt seie at dei har sett spor etter seg på ein positiv måte på mange vis – også med etterkomarane sine, som det finst svært mange av. Det vart sagt at «hadde ikkje nordlandsjenter kome til Sykkylven, hadde gutane der ikkje vorte gifte»! Nåja, dersom ein snur på det, veit vi at mange karar frå nord fann seg sykkylvske ektemakar også.



Det første styret i Nord-Norge-foreininga i Sykkylven. Frå høgre: Magnus Karlsen, Jessy Lade, Svanhild Brunstad, Elvida Løseth. Styremedlem Leiv Larsen var ikkje til stades då bildet vart teke. Einar Martinussen, heilt til venstre, var ikkje med i det første styret, men var aktiv i foreininga frå starten. (Foto: Sykkylvsbladet).



**Kjell Ole Løseth**, fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. No er han travel pensjonist og aktiv i revy og lokalhistorie, blant anna gjennom Storfjordens venner. Han er med i redaksjonen for Årbok for Sykkylven.



Berth Wilhelmsen var ein sentral person i skipinga av Nord-Norge-foreininga. (Foto: Privat).

På skipingsmøtet blei Magnus Karlsen (Senja) vald til formann og Svanhild Brunstad (Tromsø-området) nestformann. Leiv Larsen (Hammerfest-området) kasserar og styremedlemene Elvida Løseth (Vega) og Jessy Lade (Bø i Vesterålen). Seinare formenn var Einar Solvang og Arve Grønmo. Ein kan trygt seie at foreininga blei ein suksess. Ei av dei største foreiningane i Sykkylven med opptil 250 medlemmer (medrekna sykkylvske ektemakar) i ein tiårs periode på 1970/80 talet!

### Møta og program

Møta/festane blei haldne på samfunnshuset, men også på AOF-senteret, på grendahuset i Hundeidvik og på Vaarvon i Straumgjerde. Det var ikkje småtterer av program dei presenterte. Det nordnorske folkelynnnet slo ut i full blomstring. Nord-Norge er langstrekt og både sinnelag og veremåte kan variere i dei tre fylka.

Finnmarkingane er direkte og kan bruke sterke ord («din førbannja hæstk...»), medan Troms og Nordland er noko meir moderate i så måte, har eg høyrte. Møte mellom det trauste og litt tilbakehaldne sunnmørske har nok likevel ikkje ført til nokon kulturkollisjon her.

Foreininga skipa også til kurs i songleik og gamaldans med mange deltakarar og arrangerte mellom anna julebord for eldre på den gamle aldersheimen på Vik. Leiv Larsen frå Hammerfest-området/ Ikornnes fortel at då dei kom dit, trudde somme at han var overlækjaren som skulle undersøkje dei! Kulturkvelden på samfunnshuset, som Aud Hjellegjerde hadde ansvar for, fekk så stor påmelding at det blei knapt om plassen.

Ved å bla gjennom Sykkylvsbladet frå den tida, med annonsar og omtalar kan ein sjå eit mangfald av det som gjekk føre seg på møta og festane: Mykje song og musikk med tilknytning til Nord-Norge. På den tida slo den nordnorske musikalske kulturbølga utover heile landet: «Ta Nordlandsnetter i favn om du kan.....Nordlandsnetters fortryllende prakt, er vel vakrest av all poesi». Kirsti Sparbo fekk heile Norge til å synge denne songen. Også i Nord-Norge-foreininga runga songen, ofte med musikk frå Sigbjørn Brunstads kvartett. (Det som er mindre kjent, er at songen var skriven av ein person knytt til Sykkylven (Jarnæss). Oluf frå Troms er enno eit omgrep. Han blei «omfamna» av foreininga. Frank Suorza sin parodi på Oluf var eit blinkskot til stor jubel!

### Tørrfesk

«Tørrfæskfest»: På eitt av arrangementa stod tørrfisk på programmet. Medlemene stod i vestibylen på samfunnshuset og banka fisken til passende molar som dei tok med inn i salen. Reinhaldaren fortalde at dagen etter var det tørrfisklukt over det heile. Ho måtte opne vindauge og dører for å lufte ut! Kjende songartistar stod på programmet (av og til i samarbeid med Rikskonsertane). Halvdan Sivertsen frå Bodø hadde like før utgitt songen «Kjærlighetsvisa», som avslutta slik: «ingen e så go som du da, ingen e så go som du». Han «fekk fram tårene» i forsamlinga. Dette blei ein toppslager i Norge.

Knut M. Myrland frå Harstad (KMM) – landskjend vokalist frå radio og TV - gitarist, komponist og tekstforfattar - tok forsamlinga med storm med mellom anna visene «Nordaførr» og «Gjengrodd sti». Ernst Ellingsen, som dreiv Sjølyst hotell i Sykkylven, underheldt ofte med song og musikk. Han var frå Nord Norge.

Arve Grønmo, som var leiar ein periode, fortel om ein artist frå Nord-Norge som spurde om vegen til Samfunnshuset og fekk beskjed av ein om å køyre til kyrkja og ta til venstre der. Karen køyrde til kyrkja. Det var berre det at det var Strandakyrkja han var komen til! Sykkylvskyrkja hadde nettopp brunne ned! (1983).

Fleire andre kjende underhaldarar med nordnorsk bakgrunn stod på programmet. Ein kan trygt seie at foreininga tilførte kulturlivet i Sykkylven eit stort pluss med aktiviteten sin.

Etterkvart dabba aktiviteten av utover i 1980-åra. Dei eldste og trufaste medlemene vart færre og fleire døydde. Dei som var yngre engasjerte seg på andre område – idrettslag, songkor etc. Ikkje minst fjernsynet blei ein stor «konkurrent».

Svanhild Brunstad var ein ivrig bidragsytar med både eigne dikt og song. Her er ein smakebit av minne frå nokre av versa ho skreiv i eit dikt.

*Vi er mange ifra nord  
Frå li og fjell og fjord  
Fiskebåten var vår barndomsvogge  
Flo og fjøre, skjell og tang  
Småmort, krok og fiskestang  
Det var eventyret for ein nordlandsunge*

*Mange tunge tak blei tatt  
Karrig jord under plog blei lagt  
Gråstein velta, sveitten spratt  
Gikta verka kvar ei natt  
Fingrar krokna og ryggen blei «matt»  
Det var kvardag for ein nordlandsbonde*

*Så ein dag vi drog frå nord  
Til Sykkylven vi for  
Her var arbeid, potetball  
Og her var penga  
Om kvardagen er hard  
I fabrikk og på ein gard  
Her er det godt å vere  
for ein nordlandsunge*

### Kjelder/ informantar:

Sykkylvsbladet, Berth Wilhelmsen, Svanhild Brunstad, Leiv Larsen, Arve Grønmo, Frank Suorza, Laila Johansen, Jessy Lade m.fl



Svanhild Brunstad, som ofte bidrog med dikt og songar, kom frå litt utanfor Tromsø. (Foto: Kjell Ole Løseth).



*Thor Willy Strømme  
fødd 1979, er møbelarbeidar  
hos Ekornes. Han er historie- og  
fotointeressert og har lang fartstid i  
årbok-redaksjonen.*

*Aure sentrum sett fra Ullavika  
første halvdel av 1960-talet. Det  
sterke lyset i venstre biletkant  
er flaumløysløyppa på Blindheims-  
bakkane. I 1948 fekk denne  
løypa flaumløys som den første  
på Sunnmøre. På 60-talet kom  
det pendeltrekk, noko som fekk  
interessa for slalåm nærast til å  
eksplodere. Dette alpinanlegget  
vart lagt ned i 1963.*

*Det var en kunst å ta nattbilete i  
gamle dagar. Ikkje lett å få til utan  
sterkt måneskin og lang eksp-  
neringstid. Foto: Skjold Lyshol.*

# Fotografen og musikaren Skjold Lyshol

Av Thor Willy Strømme

**Skjold Lyshol har vore med på store omveltingar i fototeknologien frå svart-kvitt foto via fargefilm til digital teknikk. I år fyller han 80 år og kan sjå tilbake på eit spennande liv der musikken har hatt brei plass.**

Skjold Lyshol er fødd i 1944. Mor hans har fortalt at det var så dårleg med plass på Ålesund fødestue den gongen at det vesle barnet blei lagt i ei kommodeskuffe, noko han truleg ikkje tok noko skade av. Slik kom Skjold til verda ein sommardag i 1944.

Foreldra var Perdy og Peder P. Lyshol, som var ein kjend fotograf i området. Peder P. Lyshol starta med å fotografere i 1936 og hadde sin første butikk i gamle Dalehuset, som sto rett nedanfor der nye Dalehuset står i dag. Peder og huslyden flytta etterkvart bort i nye Vadhuset omkring 1940. Dei hadde fått ideen om namnet

Skjold av ein fotolærer dei kjende i Trondheim som heite Schold Hilfling Rasmusen og kom frå Danmark. Foreldra ville eigentleg skrive det Schold, men dette godtok ikkje presten. Verdskrigen var ikkje over og namnet var for likt tysk skrivemåte, så da vart namnet endra til Skjold.

## Oppvekst i Aurefjóra

Skjold Lyshol hadde ein god oppvekst. Han vaks opp i Aurefjóra, ein plass det alltid var mykje spennande å finne på for borna. Handelslaget heiv alt dei ikkje fekk selt i fjóra, noko som var spennande for både borna, rotter, kattar og andre skapningar. Guthynane sto ofte på handelslagshjørnet for å frette nytt, for dette var staden praten ofte gjekk laust føre seg og ein kunne høyre mykje. «Tollen» var fast deltakar og han var den siste som gjekk heim for kvelden og den første som var på plass i sentrumsgatene dagen etter.

Peder P. Lyshol hadde på denne tida butikk i første høgda i det nye Vadhuset og budde i eit husvære i andre høgda. Her budde huslyden frå huset var ferdig rundt 1940 etter Aure-brannen seinsumaren 1939, til familien sette opp nytt hus med butikk i første etasje og bustad i andre etasje i 1956.

Foto skulle også prege militærtenesta til Skjold. Han hamna i kystartilleriet og eit av oppdraga hans der var å framkalle bilete. Dette materialet skulle brukast for å orientere seg og slik at kompaniet kunne sjå korleis området såg ut når dei skulle skyte på markørar som låg ute i fjorden. Bileta vart også brukt i etterkant når ein diskuterte om kor godt eller dårleg oppdraget hadde blitt gjennomført.

## Hjelp frå Synske-Olga

I 1963 gifte Skjold seg med Kirsti Bjørke. Brudeparet hadde bryllaupsfesten i fotobutikken på Aure. Dansen var nede i fotoatelieret og maten vart servert oppe. Brudeparet hadde i denne anledning lånt ein flott duk av Emma Aure frå hotellet. Då dei skulle rydde opp dagen etter, var duken sporlaust vekke.

Vi leita overalt, høgt og lavt og ikkje tale om att vi fant duken nokon plass. Så sa Skjold: eg ringer til ho synske Olga på Skodje. Eg veit ikkje anna råd. Skjold har aldri snakka med eller sett henne nokon gong før, berre høyrte om evna ho hadde. Han tok opp telefonen og fortalde kven han var og at han og Kirsti hadder hatt bryllup dagen før og no var ein fin duk dei hadde lånt sakna. Det vart stille ei stund før Olga sa: Eg ser eit rom, der er eit skap med tre lange dører nede og tre korte dører oppe. Ja det er jo soverommet til mor og far det, svara Skjold, som kjende igjen dørene. Olga sa vidare at midt oppe i det øvste skapet ligg duken mellom nokre sengkleda. Kirsti gjekk opp for å sjekke, og der låg duken mellom nokre sengkleda. Etter denne hendinga har eg sagt at det er meir mellom himmel og jord enn det vi menneske er klar over, seier Skjold.

## Huldra viste seg

Same året som dei gifte seg, flytta Kirsti og Skjold opp på Haugen på Grebstad i huset som bestefaren til Skjold hadde bygd på starten av 1900-talet. Dette huset kjøpte Peder P. Lyshol seinare av søstera si. Her bur Kirsti og Skjold den dag i dag. Kirsti kjem frå Bjørke inst inne i Hjørundfjorden. Kirsti og Skjold køyrte via



Skjold Lyshol i fotoatelieret på Aure i 2024, saman med det første kameraet, levert av J. L. Nerlien A/S i Oslo. Dette var eitt av dei argaste studiokameraa ein kunne få på denne tida. Linseobjektivet kom frå USA, sidan ein ikkje fekk kjøpe dette objektivet i Noreg. Skjold held ei eske med glasplater som vart brukt på den tida, den mest vanlege storleiken var 10 x 15 cm. Ein pakke inneheldt 12 plater og vog 600 gr. Ved sida av står eit digitalkamera frå 2004 som brukar eit minnekort med plass til tusenvis av bilete. Minnebrikka veg 1,8 gram. (Foto: Thor Willy Strømme).

Til høgre:  
Bilete av glasplater i storleik 18 x 24 og 10 x 15 og eit minnekort. (Foto: Thor Willy Strømme.)

Heggjadalen. Då dei nesten var oppe på toppen der, såg dei eit syn dei aldri gløymer: Ei dame med sidt ruta skjørt og ei lang flette eller hale. «Å fakeren, dette må då være hundra» sa Skjold og både han og Kirsti såg henne springe opp gjennom skogen og fjellsida. Dette synet har Kirsti og Skjold aldri gløymt og dei er sikre på det var hundra dei såg den dagen der på slutten av 1960-talet.

Skjold hugsar at bestefar hans fortalde om hundra som skulle spele oppe med Storsteinen, som ein passerer rett før Grebstadstølen. Dette med hundra og andre spøkjelsehistorier vart ofte mykje meir fortalt frå generasjon til generasjon i gamle dagar. I bekmørker berre med ein parafinlampe var det lett å bli mørkredd.

### Reklamefoto

I underetasjen i det nye forretningsbygget bygde Peder P. Lyshol opp eit stort fotoatelier. Det var det største reklamefoto-atelieret mellom Ålesund og Trondheim, fortel Skjold Lyshol. Etter andre verdskrigen vart mange av oppdraga å ta bilete av møblar i alle fasongar. Det var alltid hast, og møblane var ofte halvferdige. Det var gjerne berre den sida som viste på bilete som var ferdig. Bileta



skulle visast fram til forhandlarane, så dei kunne gjere seg opp ei meining og kome med tilbakemeldingar om kva som kunne slå til hjå kundane. Skjold har også vore med på originale reklame-metodar. For Stjernemadrassen i Straumgjerde fotograferte han at dei køyrde ein gamal lastebil opp på madrassen for å vise kor solid produktet var.

Skjold var egentleg ikkje så interessert i foto. Men det vart venta og nesten bestemt at guten i familien skulle ta over forretninga. Når vi spør kva yrke Skjold helst ville hatt om han kunne velje, har han vanskar med å svare. Kanskje lege, men det har eg ikkje hovud til, seier han og medgir at han ikkje var noko skulelys.

Skjold vart lært opp av far sin i framkalling og i andre delar av fotokunsten. Skjold tok seinare to semester på fotofagskulen i Trondheim. Ein periode arbeidde han hjå fotograf Lind i Lillehammer. Her jobba det ein kar som heite Synes frå Vigra som tidlegare hadde gått lære hjå fotograf P. P. Lyshol. Slik fekk Skjold jobb hos Lind eitt års tid. Det var mykje nytt å lære, for Lillehammer dekte eit større område og det var mykje turistar. Det kunne kome inn 100 svart/kvit filmar kvar dag. Skjold måtte stå heile dagar i kjemikalie-dampen i mørkerommet. Det var ingen tanke på HMS på den tida.

### Kjende seg ikkje igjen

Ein dag kom ei dame inn for å ta eit passbilete, og Skjold skulle fotografere. Då dama fekk sjå resultatet, sa ho at det ikkje var ho som var på biletet. To andre fotografar prøvde å ta bilete med same resultat. Ho var ikkje fornøgd med seg sjølv. Det er det lite ein fotograf kan gjere noko med.

Ei anna historie var ein gong det kom inn ei litt eldre dame med mykje humor og sa til Skjold «no får du gjere meg fine, Lyshol». Skjold lova å gjere sitt beste, men dama svara: «Det er vel sånn Lyshol, at tek du bilete av ein katt, så blir det bilete av ein katt».

Skjold begynte for alvor å vere med i forretninga då han var rundt 20 år. Han og faren reiste mykje rundt på Sunnmøre og tok bilete av møblar inne i fabrikkane. Seinare ville ein del av møbelprodusentane ta interiørbilete, og dette skjedde i heimane til vanlege folk. Då vart huseigarane sine møblar bytte ut med fabrikkane sine modellar for å skape ei heilheit.. og vise dei i eit naturleg miljø. På atelieret var forsvinningsbakgrunnen heilt kvit. Her var agentane delte i si oppfatning: Nokre ville ha heil-kvit bakgrunn, andre gjekk for interiørbilde.

I starten var det svart-kvitt bilete som fotografen framkalla sjølv. Etter kvart kom Kodak og Agfa med nyvinninga fargefilm. I den fyrste tida sende fotograf Lyshol fargefilmene i koffertar til Levanger for framkalling. Etterkvart som fargefilmen vart meir og meir vanleg, investerte fotograf Lyshol i utstyr, slik at dei kunne framkalle fargebileta sjølv. Dette var jo ein sensasjon, før kunne fotograf Lyshol sitje lenge og fargelegge bilete for hand. Han gjorde seg ekstra flid med brudebilete, barnebilete og møbelbilete.

Biletet er av ein Manjana-stol frå Hjellegjerde som skulle inn i ein reklame-katalog i 1970. Personen i stolen dreg kanskje nokre kjensel på, det er den kjende skihopparen Bjørn Wirkola.  
(Foto: Skjold Lyshol.)



Etterkvart vart det snakk om fargefilm og dias i stor skala, først på store glasplater. Dette gjorde at fotografane trengde mørkerom. På eitt av mange oppdrag for J. E. Ekornes blei Svanesalen brukt som atelier og eit toalett som mørkerom.

### Fargefilm

Etterkvart begynte fotograf Lyshol å selje fargefilm, men kundane var no litt skeptisk til denne nyvinninga i starten. I alle fall med tanke på pris. Han fekk selt ein og anna fargefilm med argumentet at det er no artig å prøve noko nytt. Det var også veldig populært med lysbilete eller dias på denne tida. Då vart det også ein marknad for framvisarar. Polaroid-kamera var populært ein periode. Med desse kunne ein ta eit bilete som vart framkalla i kameraet med ein gong.

Å kunne ta opp levande bilete var ei artig og heilt ny oppleving. Etterkvart kom også lyd på filmopptaka. Etter kvart kom smalfilm og video. Videokameraet var mykje billigare i drift og vart litt meir allemannseige. Smalfilmen var dyr å framkalle og scenene vart ofte veldig korte for å spare film og pengar. Med video vart filmopptak rimelegare og då vart scenene også lengre.

Skjold Lyshol syntest det har vore spennande å drive butikk, det kjem mykje nytt heile tida. I 1970 fekk fotografen eit spesielt og spanande fotooppdrag av Rolf Hjellegjerde. Rolf kom dragande med stolen Manjana frå Hjellegjerde. Bjørn Wirkola og Odd Martinsen var agentar for Sport Gresvik og var innoom sportsforretninga til Oddvar Hjellegjerde. Dei kom i snakk om møblar og Bjørn Wirkola vart invitert til showrommet på fabrikkken til Hjellegjerde. Det vart slik at Bjørn Wirkola skulle sitje i Manjana-stolen og at biletet skulle brukast i eit reklamehefte. Bjørn Wirkola var ein kjend skihoppar på denne tida. Uttrykket «å hoppe etter Wirkola» har nok mange kjennskap til den dag i dag.

### Digitalt

Så kom det digitale fotoapparatet. Kodak, som var eit stort og leiande firma innan foto, hadde ikkje heilt trua og dermed gjekk toget. Sony var av dei fyrste som kom med eit digitalt kamera og filmen blei bytta ut med eit minnekort.

Slik vart framkalling av film fort historie. Framkallinga var hovudgrunnlaget for å kunne drive ein fotobutikk. Når dette grunnlaget nesten forsvann over natta, resulterte dette i at den eine etter den andre fotobutikken måtte legge ned. Kodak var også tidleg ute med å produsere digitale kamera og cd-plater, men miste forspranget til flinke japanarar. Det vart ei heilt ny tid der ein slapp å tenkje på dyr framkalling og mangel på film. No kunne ein sjå om bilete var vellukka med ein gong og eventuelt ta eit nytt eit om ein ikkje var fornøgd. I filmens dagar hadde dei fleste bygder ein fotobutikk som framkalla gode ferieminne og andre viktige hendingar for bygdefolket. Denne tida forsvann og det same gjorde også dei aller fleste fotoforretningane.

Fotokunsten har hatt ei rivande utvikling frå starten med glasplate som lett kunne knuse og eitt og eitt bilete. Etterkvart kom den mest vanlege filmkassetten med 24 bilete som måtte framkallast, som igjen blei avløyst av dagens minnebrikker og digitale kamera som kan innehalde 1000-vis av bilete.

### Musikken

-Musikken har alltid vore min store hobby igjennom heile livet. Eg har aldri vore nokon skigåar. Det var han far som fekk meg med på musikken, i 12 årsalderen. Far var den gong formann i gutemusikken på Aure. Då fekk eg meg ein kornett og skulle begynne å lære notar som eg ikkje visste kva var. Kåre Garshol var musikk-



Gutemusikken vart skipa i 1956-57. Dette bildet er teke ved 35-års jubileet i 1992. Fleire spelar framleis i 2024, så dette er ein hobby ein kan ha heile livet. Framme frå venstre ser vi: Dirigent Jostein Drabløs, Odd Holen, Svein Asbjørnsen, Skjold Lyshol, Jens Olsen og Kjell Welle. Midtre rekke: Knut Erstad, Asbjørn Fredriksen jr, Jostein Gjævenes, Bjørn Eidem og Dag R. Kristiansen. Rekka bak: Arne Stavseth, Svein Støylen, Johan Magne Eidem, og Johan Hellesylt.

(Frå fotoarkivet til Fotograf P. P. Lyshol. Fotograf er ukjent.)

lærer på denne tida. Det har vore fleire andre innom, mellom andre Jostein Drabløs. Musikken har følgt meg sidan og etter gutemusikken begynte eg å spele i Lurlåt rundt 1962. Eg spelar framleis litt den dag i dag. No heiter Lurlåt Sykkylven Janitsjarorkester. Eg er ikkje med på kvar øving lenger, men så lenge eg ikkje gjer noko gale, får eg bli med vidare, seier han.

Carl Tandstad var dirigent i Lurlåt, og det var på denne tida han starta opp Carl Tandstads Storband, som Skjold også var med i. Storband-tradisjonen har amerikansk opphav. I storbandet var det fire saksofonar, fire trombonar, fire trompetar, bass og piano. Skjold syntest det var litt stas å få bli med i eit storband. Han hugsar ein gong Carl Tandstads Storband spela opp til dans i Nordfjordeid og dei hadde berre fire melodiar å spele. Storbandet framførte dei fire melodiane ein del gonger den kvelden.

Skjold har vore med fleire gonger på NM i Trondheim der Lurlåt har gjort det bra. Lurlåt var eitt år i fyrste divisjon og har vore mange år i andre og tredje divisjon. I 2023 var Sykkylven Janitsjarorkester i andre divisjon. Lurlåt og Sykkylven Janitsjarorkester har halde ein bra standard med tanke på at det er eit bygdekorps. Dei fleste korpsa er bykorps og har større musikkskular og større omland som gjer det lettare å skaffe nye musikarar. Lurlåt og Sykkylven janitsjarorkester er blant dei beste i landet. Skjold er stolt av å vere ein del av korpset som har gjeve han mykje glede i alle år.



Musikklaget Lurlåt som tok fyrste plass i 3. divisjon i 1993 i Trondheim. På biletet ser vi frå venstre Torbjørn Aasen jr. og Skjold Lyshol. (Fotograf ukjent.)

## – Glad i det som spirer og gror

Av Eldar Høidal

**Når vi tek av frå fylkesvegen ved enden av Andestadvatnet og svingar oss opp gardsvegen, er det eit velhalde tun som møter oss. Det gule våningshuset ligg mellom velstelte plenar, og løa er under renovering. På Løset i Søvikdalen, bruk nummer ein, bur Elisabeth Kvalø og Jostein Løseth.**

Jostein har vakse opp på garden og flytte tilbake hit med familien våren 1999 etter at faren, Bjarne, døydde i 1997. Vi let oss imponere av grasenga i dei slake bakkane rundt tunet. Sommardagen vi er på vitjing vert vi møtt med ei fargeprakt som i dag er nokså uvanleg å finne på dyrkamark. Garden på Løset er ein av to gardar i Sykkylven som er definert med høg verdi når det gjeld arts mangfald. Her finst blomstersortar, grasvekstar, mose og soppar som berre dei færreste kjenner namnet på. Ein kan ikkje anna enn å glede seg over fargerikdomen som glir over heile spekteret på fargeskalaen. Ikkje minst vil vi tru at insekt har gode livsvilkår i dette landskapet.



**Eldar Høidal** fødd 1956, er tilsett ved Viti/Møbelmuseet i Sykkylven, skøyte-løpar og ivrig syklist. Han er historikar og har skrive ei rekkje bøker om historia til møbelindustrien og andre historiske emne. Blant dei siste bøkene, er bygdebøkene om Skodje og Haram. Eldar Høidal er også leiar i Sykkylven sogenemnd og medlem av årbokredaksjonen.

Blomstereng med Litlevatnet i bakgrunnen.  
(Foto: Elisabeth Kvalø.)



Graset bør få ligge nokre dagar på marka før ein fjernar det. Slik får frøa tid til å losne og falle ned slik at dei kan slå rot. (Foto: Elisabeth Kvalø.)



Jostein Løseth og Elisabeth Kvalø ovanfor tunet sitt i Søvikdalen, saman med Kjell Ole Løseth. (Foto: Eldar Høidal.)

### Sunnmørsk småbruk

Jostein har sett det som ei viktig oppgåve å føre vidare dei verdiane som tidlegare generasjonar har lagt ned i jordsmonnet på Løset. Landskapet her ligg ikkje til rette for rasjonell drift med store maskiner. Faren slo og stelte markane lenge med hestereiskap. I dei brattaste bakkane, kring steingardar og køyrevegar, og i overgangane til beitemarka, vart det slått med ljå. Motorisert slåmaskin, som blei kjøpt på slutten av 1960-talet, gjorde arbeidet mykje lettare.

Foreldra, Karen og Bjarne, dreiv garden aktivt og hadde åtte - ni mjølkekyr slik det var vanleg på eit sunnmørsk småbruk. Seinare gjekk dei over til kjøtproduksjon med ungdyr av storfe og sau, til slutt berre sauer.

### Artsmangfald

Etter at Elisabeth og Jostein flytte til garden i 1999, heldt dei fram med å stelle markane som forfedrane hadde gjort. Ein viktig grunn til at artsmangfaldet har blitt halde oppe, er at dei har late graset liggje på marka to-tre dagar etter at det vart slått. Då får frøa sleppe frå grasstråa og kan plante seg i jorda.

Dei første åra Jostein dreiv, kom nokre naboar og henta det tørka graset og nytta



Biene viser stor interesse blant anna for arten Solblom som er raudlista. (Foto: Elisabeth Kvalø.)

det til fôr. Det har ikkje vore interesse for å nytte markane på bruk nummer ein på Løset som tilleggsareal, då bruket er for brattlendt og engstykkja for små. Dei bøndene som har bruk for meir gras har tilgang til meir lettdrive areal enn dei rår over på Løset. Det er samstundes desse eigenskapane til bruket som har gjeve det den spesielle kvaliteten og fanga merksemda til dei som er opptekne av artsmangfald og bevaring av natur på mange vis.

### Raudlisteart

Etter at Elisabeth og Jostein hadde drive på med tradisjonell markpleie gjennom nokre år, søkte Jostein på midlar som kommunen hadde fått for å stimulere til tiltak innan landbruket, dei såkalla SMIL-midlane. Han fekk litt pengar i 2012, men fekk nei på ein søknad om vidareføring i 2014. Eit gjennombrøt i saka kom hausten same året, då biolog Dag Holtan gjennomførte ei synfaring på slåttemarka saman med rådgjevar i miljø og landbruk i kommunen, Karl Johan Stadsnes. Holtan konkluderte med at «Lokaliteten skårar høgt på artsmangfald, høgt på areal og funn av raudlisteartar, høgt på tilstand og får derfor verdi A – svært viktig.» Då denne vurderinga vart gjort, var det om lag 600 lokalitetar i landet som hadde same verdien.

Holtan noterte i rapporten at det mest interessante funnet var av den raudlista arten Solblom. Solblom trivst best på ugjødsle enger med svakt sur jord, nett slik det er i området kring Litlevatnet på Løset.

### Fjerne framandartar

For Jostein var det ein god stimulans å få slike vurderingar av fagfolk, og det gav han mot til å søkje fylkeskommunen om å få utarbeidd ein skjøtselsplan. Den vart laga i 2015 av Maud Grøtta i firmaet Landbruk Nordvest. Planen, som skulle gjelde i ti år, hadde som hovudmål å ta vare på og utvikle lokaliteten som artsrik slåttemark.

Planen romma ikkje store endringar i måten slåttemarka skulle stellast på. Jostein kunne halde fram som før, med god sesonghjelp av Elisabeth og dei tre døtrene deira. Slåttereiskapen var framleis ei slåmaskin på to hjul som han gjekk bak, kantane vart slått med trimmar og med ljå, og graset fekk liggje nokre dagar og tørke slik at dei verdfulle frøa fekk høve til å sleppe taket. Gjødsling skulle ikkje



Ei humle kosar seg med nektar frå ein kvitblad-tistel. (Foto: Elisabeth Kvalø.)



Jostein er her i gang med å slå noko av enga med tohjula slåmaskin. (Foto: Elisabeth Kvalø.)

skje, men det vart tilrådd at enga vart etterbeita, fordi trakk frå dyr kunne halde mosen vekke frå slåttemarka. Om det ikkje alltid gjekk sau på marka, har hjortestammen teke seg kraftig opp i Sykkylven, og på desse markane var nok hjorten meir velkomen enn han var på andre marker. I alle fall om hausten, dersom dei heldt seg borte frå hagevekstane.

Noko anna skjøtselsplanen tok til orde for, var fjerning av framande artar, som platanlønn. Platanlønna er eit treslag som har vist rask spreiding på våre kantar dei siste tiåra. Treet kom for nokre hundreår sidan til landet som pryd-/parktre, men har sidan spreidd seg til skog og utmark. Platanlønna har ein føremon ved at frøa vert spreidd over ganske lange avstandar med propell-liknande berarar. Treet skyt raskt i veret og stenger ute sollyset for stadeigne treslag. Jostein har mang ein dag vore på platanlønnjakt og også tre som ligg litt vekke frå slåttemarka, har blitt fjerna.

### Sluttar av tiårsprosjekt

Jostein fører timar for skjøtselsarbeidet sitt. I gjennomsnitt har det årleg gått med mellom 150 og 175 timar til skånsam slått, kantrydding, fjerning av framande artar og andre gjeremål. Sjølv om han får litt tilskott kvart år for å følge planen, vert timeløna lita. Men så er det også anna enn materielle gode som driv verket. Jostein har alltid hatt interesse for det som veks og gror, og den interessa har berre blitt større med alderen. Under vandring på både innmark og utmark, gjerne kombinert med ulike typar arbeid, ser han spor etter tidlegare generasjonar og den store innsatsen dei har lagt ned.

Etter ti års arbeid etter retningslinjene i skjøtselsplanen, ønskjer dei no å fristille seg frå den for å kunne leggje opp arbeidet slik at det passar familien betre. I planen står det at slåttan skal skje etter 10. juli, gjerne seinare, slik at frøspreiinga skal bli best mogleg. Denne tidsplanen har gjort det vanskeleg for familien å nytte sommarmånaden juli slik andre familiar nyttar han, til ferie og reiser. Dei tre døtrene deira bur no andre stader i landet, og det er ikkje alltid det passar for dei å bruke ferien på slåttarbeid. Elles ser Elisabeth og Jostein at dei ikkje vert yngre. Allsidig stell av kulturmarka krev mykje fysisk arbeid, det kan vere greitt å fordele dette arbeidet over ein lengre periode, og leggje ned innsats når vår og høve byr seg.

Jostein sa det slik då han orienterte nokre fagfolk som hadde fagdag i blomsterenga på Løset i juni i år: «Eg ønskjer å stelle godt om garden og blomsterenga så lenge helsa er på lag. Håpet er at framtidige eigarar kan ha glede av å vidareføre noko av den driftsforma vi har i dag.»

## Femti år sidan pionerklassene starta opp

Av Ole Jostein Fet

**Denne hausten var det nøyaktig femti år sidan dei første elevane steig inn i klasseromma ved Sykkylven vidaregåande skule. Etter fleire år med kamp fekk bygda eit vidaregåande utdanningstilbod. Eit utdanningstilbod som skulle bli prega av pionerarbeid hos både lærarar og elevar. Som elev ved skulen dette første året, er artikkelen skriven ut frå eit elevperspektiv og med bakgrunn frå egne erfaringar.**

Skulen hadde fått godkjent oppstart av eit eittårig tilbod i allmennfag samt kon-torfag, saum, husstell, mekaniske fag og eit 2-årig kombinert grunnkurs. Sidan skulen ikkje hadde eige undervisningsbygg, vart undervisningstilboda spreidd på fleire lokale. Grønebygget ved ungdomsskulen vart tatt i bruk, det same vart gamle Aure skule, Storhallen og Samfunnshuset.

### Engasjement

Oppstarten av den vidaregåande skulen vart på mange måtar spesiell for både administrasjon, lærarar og elevar. Som elevar ved dette første skuleåret opplevde vi eit sterkt engasjement frå lærarane. Eit engasjement som omfatta både det



Lærer Karsten Tandstad var med frå starten av. Her under-viser han elevar ved maskin- og mekanikarlina. (Foto: Jan Mindor Lillebø)



**Ole Jostein Fet,** fødd 1955. Pensjonist. Arbeidde i 20 år som journalist og om lag like lenge som lærar. I tillegg dreiv han sauebruk på Fet i 30 år.



Almennelevar i protesttog på nasjonaldagen 17. mai 1975.  
(Foto: Sunnmøre Arbeideravis.)

faglege innhaldet og kampglød for å få til eit 3-årig allmennfagleg tilbod ved skulen. At skulen hadde fått godkjent berre eitt eittårig tilbod i allmennfag gjorde at elevane måtte gå dei to siste åra ved Stranda vidaregåande skule.

Kampen for eit treårig tilbod førte til ei samansveisa elevgruppe, med engasjerte lærarar i ryggen. Trass sterk kampånd hos både elevar og lærarar, tapte ein i første omgang kampen om eit treårig allmenn-fagtilbod i Sykkylven.

Enkelte av lærarane gjekk offentleg ut i kampen for eit fullverdig tilbod. Det same gjorde elevar som både skreiv protestsong og gjekk i protesttog i 17. maitoget i Aure sentrum på nasjonaldagen, der ein protesterte mot tvangsflyttinga til Stranda.

### Lokal tilknytning

Kva så med det faglege tilbodet dette første pioneråret. Sterkt fokus på fag prega oppstartåret. Sjølv om ingen av lærarane var fast tilsett og såleis hadde ei usikker framtid ved skulen, opplevde vi eit sterkt fagleg engasjement som smitta over på elevgruppa. Alt frå starten hadde skulen ei sterk tilknytning til lokalmiljøet. Innan mekaniske

fag vart det mellom anna innleia samarbeid med næringslivet for utplassering av elevar.

Også allmennlina retta delar av undervisninga mot lokalmiljøet. Føremålet var å dra lokalmiljøet inn i undervisninga. Elevane skulle få høve til å gjere seg kjend med sin eigen kommune, og samstundes kunne informere andre om kommunen.

For første gong vart eit slikt emne godkjent som valfagtilbod i den vidaregåande skulen. Gymnasrådet fann emnet interessant, og Kyrkje- og undervisningsdepartementet godkjende emnet som eige valfag. Fylkesskulestyret hadde ingen innvendingar, og skuleutvalet ved skulen stilte seg også positive til forsøket.

### Nybrottsarbeid

Med det nye valfagtilbodet var motiverte elevar med på å gjennomføre eit nybrottsarbeid der det vart sett fokus på mellom anna næringsliv, busetnad, kulturliv, samferdsel og lokalt styresett. Arbeidet resulterte i eit omfattande hefte som vart prenta ved Pedagogisk Tenestesenter i Volda. Målet var at elevarbeidet



Lærer Sturla Pedersen underviser allmennfagelevar i matematikk.  
(Foto: Jan Mindor Lillebø)

kunne nyttast som undervisningsmaterieell i grunnskulen og som impulsjelde for andre kommunar i disktriktet. Samstundes vart det utarbeidd ein sluttrapport som vart sendt til Arbeidsforskningsinstituttene – Arbeidspsykologisk institutt i Oslo.

Oppstartåret ved skulen sette med andre ord mange spor etter seg. Kampen om eit treårig allmennfagleg tilbod heldt fram etter at dei første elevane vart flytta til Stranda vidaregåande skule. Elevane som tok til ved allmennlina året etter, nekta å flytte til Stranda, og gjekk i staden opp til eksamen som privatistar i Sykkylven. Dei bar kampen om eit fullverdig tilbod vidare. Ein kamp som til slutt bar frukter, slik at skulen etter kvart fekk eit fullverdig 3-årig tilbod innan allmennfag i tillegg til dei yrkesfaglege studieretningane ved skulen.

## Rapport frå Sykkylven sogenemnd

Det er Sykkylven sogenemnd som er utgjevar av Årbok for Sykkylven, og slik har det vore alle åra dette skriftet har kome ut, sidan 1992. Hovudoppgåva til sogenemnda har vore å gje ut bygdebøker og elles fremje interessa for den lokale historia. I tillegg til å gje ut Årboka har sogenemnda dei siste åra gjeve ut bok om lokale ord og uttrykk, barndomsminne, portrettbok med innflyttarar til kommunen, minnebøkene Fortel meir då, besta! og ei bok om dei merkelege pandemiåra då samfunnet vart stengt ned og vi måtte leve liva våre skilt frå andre.

Nokre av dei lokalhistoriske bøkene har hatt så godt sal at dei vert utselde. Dette har skjedd med boka «Ord og uttrykk i Sykkylven» som kom ut i 1999. I år kjem ei revidert utgåve av boka. Redaktør Jan Grebstad har lagt ned ein stor innsats i klargjeringa av det nye opplaget. I år gjev sogenemnda også ut eit nytt opplag av humorboka «Lett på døsa di!» som kom ut i to opplag i 1991, og som lenge har vore utseld. Det er historiene til gamlelensmannen, Bernt Tandstad, som utgjer hovudtyngda av boka.

For nokre tiår sidan gav sogenemnda ut fire band med gardssoger i Sykkylven. Også desse bøkene er utselde, men dei er digitaliserte og er tilgjengelege i form av CD-plater. Det har vore lite sal av desse platene dei siste åra, for gardssogene er også lagt ut på sogenemnda si heimeside på Internett. Denne finn du på web-adressa [www.sogenemnd.no](http://www.sogenemnd.no). Her ligg også andre bøker som er digitaliserte, mellom andre «Sykkylven i eldre tid» av Ola Tandstad, «Utvandrarane frå Sykkylven» av Martin Gjævenes og heftet «Gjennom krig til fridom» av Jon Hole. Også dei tidlegare årgangane av Årbok for Sykkylven ligg her. Oddvar Aursnes har lagt ned eit stort arbeid med å utvikle sogenemnda si heimeside.

Meir lokalhistorisk informasjon finn du på nettstaden [www.lokalhistoriewiki.no](http://www.lokalhistoriewiki.no). Under emneknaggen «Sykkylven leksikon» ligg mange artiklar om personar, bedrifter, stader og hendingar med tilknytning til Sykkylven. Lokalhistoriewiki er i stor grad eit dugnadsbasert tiltak, og alle kan gå inn og redigere artiklar eller leggje ut artiklar om nye tema her. Det einaste du treng å gjere er å registrere deg som brukar av nettstaden.

Vi oppmodar skrivelystne sambygdingar til å vere med på denne dugnaden!

2024 vart eit merkeår for Sykkylven sogenemnd, for i år har vi fått realisert ein mangeårig plan om å opprette eit lokalhistorisk kjeldearkiv i samarbeid med Sykkylven bibliotek. Etableringa av arkivet vart gjort mogleg gjennom flytting av Sykkylven bibliotek til nye lokale i det tidlegare bygget til Sparebanken Møre. Her var det i kjellaren bankkvelv og lager for sparebanken i mange år. No er delar av kjellarlokala gjort om til lokalhistorisk arkiv. Hit kan folk kome med gamle lagsprotokollar, møtebøker, permar med korrespondanse og rekneskap. Arkivet skal primært vere for

dokument av allmenn interesse, ikkje personlege og private dokument. Unntak finst alltid. Vi vil til dømes vere interessert i å få tilgang på brev til og frå Amerika. Sogenemnda emnar på eit bokprosjekt med amerikabrev, både frå eldre og nyare tid. Ei prosjektgruppe med Edel Pernille Ystenes og Stein Arne Fauske frå sogenemnda er i startgropa med dette prosjektet, og dei vil gjerne ha tips om amerikabrev som kan liggje rundt i heimane.

**Sykkylven sogenemnd** består av fem politisk valde medlemer. Nemnda si funksjonstid følgjer dei politiske valperiodane.

Medlemene i denne perioden er: Stein Arne Fauske, Edel Pernille Ystenes, Heidi Heggem, Eldrid Suorza, Hans Marius Strømmegjerde, Thor Willy Strømme og Eldar Høidal.

I Sykkylven har vi også opne historielag som alle kan melde seg inn i.

**Velledalen sogelag** er eit aktivt lag med regelmessige møte som alle kan ta del i.

I Hundeidvik arbeider **Hundeidvik historielag** med formidling av lokal kultursoge. Dei har mellom anna bygd ei vetestove på Hovdeåsen.

**Sykkylven historielag** har hatt fleire bygdevandringar og eit prosjekt med informasjonsskilt på hus i sentrum. **Aura-Påls venner** har hatt særleg merksemd kring fornfunna på Aurefløten og mellom anna bygd opp ein kopi av eit bronsealderhus. No er det på trappene ei tettare koordinering mellom dei to sistnemnde laga. Det er nok å engasjere seg i for lokalhistorisk interesserte i Sykkylven.

Sykkylven sogenemnd  
Eldar Høidal, leiar



Sykkylven sogenemnd har gitt ut ei rekkje bøker med lokalhistorisk tilsnitt. Her er eit utval av bøker som framleis er i sal. Foto: Eldar Høidal.



Jan Toorop: Hovudet til ein gammal mann. Museum of Fine Art, Gent.  
(Wikicommons)

## VAKTSKIFTE

*Her stend dei ved enden av livsens tråd.  
Den eine skal nyste, den andre skal gå,  
Og lite om leia dei visste.  
Den eine har draumar og ungdoms merg.  
Den andre har skråmer frå røyndomens berg.  
For dagen ei dugande niste.  
Som dagane stilnar då kjem dei att,  
dei voner du sløkte og knutar du batt.  
Lik båra som bryt imot stranda.  
Men løys du din draum og stig trygg om bord.  
Når lagnadens skugge tek tørn ved ditt ror  
då modig du rekkjer han handa.*

Per Flaaen

Desse har vore med å støtte utgjevinga av

## Årbok for Sykkylven 2024

**Sparebanken Møre  
Coop Extra Sykkylven**

**SandellaFabrikken AS**

**Møre Miljøsanering**

**Sykkylven Gjensidige Branntrygdslag**

**Sykkylven Stål AS**

**Amatec AS**

**LK Hjelle**

**SapDesign**

**Nyborg AS**

**Ekornes**

**Formfin Møbler AS**

**Sykkylven Energi**

**Handelsservice AS**

**Fishtech Hygena AS**

**B.S. Aure AS**

**Spar Sykkylven**

**Møre Trafo AS**



Foto: WikipediaCommons.

## Skjorungen på strengen

Skjorungen sit på strengen sin og ser sorgfull på meg gjennom ruta.

- Kvifor reiv du reiret vårt?
- Grana di heldt på å rotne på rot.
- Reiret var heimen vår. Der budde eg lukkeleg i lag med mor og far og dei sju syskena mine. No må vi sitje på strengen heile døgnet som åte for hauk og hubro.
- Men kva om stormen vert sterk og grana skadar taket til grannen min?
- Reiret var heimen vår!! Der var vi trygge for kråke og katt.
- De lyt finne dykk ei anna gran.
- Rasist er du ikkje. Artist er du ikkje. Sadist er kanskje meir dekkande?
- Og du er ein halvtårsgammal storkjefta skjorunge!
- Du trur at mennesket er meir verdt enn fuglane!

Kva er mennesket utan fuglesong, fuglefargar og fugleungar?

Nokre ynkelege egoistar som er i ferd med å utrydde eiga art!

Det vil dei klart klare før hundreåret er omme.

Men kanskje skjora vil overleve?

Roald Solheim

ISBN 978-82-92269-35-0

Pris kr. 150

VIPPS Sykkylven Sogenemnd

582638

